

Tysvær kommune

► Skolebruksplan 2020-2035

FRAMTIDAS SKOLE

Oppdragsnr.: **5184414** Dokumentnr.: **2** Versjon: **3** Dato: **2020-02-06**



Oppdragsgjever: Tysvær kommune
Oppdragsgjeveras kontaktperson: John-Fredrik Rognsvaag og Eli Karin Krokedal
Rådgjever Avdeling skole og barnehage , Norconsult Bergen
Oppdragsleiar: Terje Gregersen
Fagansvarleg: Dan Lysne
Andre nøkkelpersonar: Harald Høgh

3	2020-02-06	Planframlegg Skolebruksplan	TEGRE/HAHO	HAHO/ Eli Krokedal /J-F Rognsvaag	TEGRE
2	2019-12-20	Planframlegg Skolebruksplan	TEGRE/HAHO	HAHO/ Eli Krokedal /J-F Rognsvaag	TEGRE
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsmannen tilhører Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikke kopierast eller gjerast tilgjengelig på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Samandrag

Skolebruksplanen skal vere eit grunnlag for å fatte langsiktige og berekraftige val for organiseringa av grunnskuletenestene i Tysvær kommune. Planen skildrar strukturutfordringane og vurderer tiltak for korleis kommunen kan møte desse behova i framtida. Sentralt i planen er det overordna målet om å sikre gode fysiske rammer for elevar, tilsette og nærmiljø – og legge til rettes for skuleanlegg som sikrar betre samsvar mellom pedagogiske krav og skuleanlegga sine utformingar. Framtidige skuleanlegg i Tysvær kommune må kunne tilpassast nye nasjonale krav og føringar (t.d. fagfornyinga, mv).

Skolebruksplanen syner seks alternative struktur- og vegval for kommunen.

Deler av planen kan nyttast som grunnlag i kommunen sitt økonomiplanarbeid, særleg knytt til handlings- og investeringsprogrammet.

Elevtalsvekst i sentrum – elevtalsnedgang i skolekretsane i distrikta

Tysvær kommune får ei stabil elevtalsutvikling for heile grunnskulen innafor kommunegrensene, men dei **sentrumsnære** skulane i Førre og Frakkagjerd får **elevtalsvekst**. Grunnskulane i distrikta får **stor elevtalsnedgang** i prognoseperioden. Særleg gjeld dette skular som Tysværvåg, Nedstrand og Straumen.

Skulekapasitet – Lite kapasitet på barneskulane i Førre og Frakkagjerd - ungdomsskulen blir «sprengt». Mykje ledig skulekapasitet på skulane i distrikta.

Frakkagjerd ungdomsskule er den skulen som får størst kapasitetsutfordringar i prognoseperioden. Elevtalsveksten ved skulen tek til inneverande skuleår 2019/20 – og skulen får et elevtal som ligg over skulen sin vurderte maksimale teoretiske skulekapasitet.

Førre skule kan i einskilde år få kapasitetsutfordringar i prognoseperioden, fordi fleire årssteg ligg noko over tilrådd storleik på elevareala. Frakkagjerd barneskule har knappe areal innafor personalfunksjonar, grupperom og spesialromkapasitet.

Barneskulane **ligg tett** i Førre-Frakkagjerd-Grinde-Førland området med **korte avstandar** mellom skulane, noko som vanskeleggjer ei elevfordeling som utnyttar ledig skulekapasitet.

Varierande skuletypar og skulestorleikar

Mange ulike skuletypar og skulestorleikar kan indikere at det er forskjellar mellom skulane og kva for tilbod dei gjev til elevane. (To kombinerte barne- og ungdomsskular 1-10, Fem barneskular 1-7, ein ungdomsskule 8-10)

Noko varierande bygningsmessig standard på skuleanlegga – men jamt over gode skuleanlegg – Grinde skule vert vurdert til å ha låg pedagogisk funksjonalitet

Hovudinntrykket er at det er godt vedlikehaldne skuleanlegg, trass i varierande alder. Vedlikehaldsetterslepet ved bygga er teken inn i investeringskostnadane i kvart strukturval seinare i rapporten.

Grinde skule blir vurdert som eit lite pedagogisk funksjonelt skuleanlegg. Skulen vert drifta i fem frittståande bygningar. Det er lite uteareal til elevane og skuleanlegget ligg «inneklemt» mellom store vegsystem. Grinde skule vert opplevd som lite heilskapleg og med ei utforming som er «tungvindt». Men, låg pedagogisk funksjonalitet isolert, gjev ikkje grunnlag for å rive og sanere skuleanlegget. Det er fullt ut forsvarleg å drive skule i dagens skuleanlegg. Trass i dette tilår Norconsult Tysvær kommune å rive / avhende dagens skule – og bygge ny skule på annan tomt i nærområdet.

Seks vurderte strukturval inkl. vidareføring av dagens skulestruktur

Skolebruksplanen konsekvensvurderer seks alternative strukturval som framtidsretta løysingar for Tysværskulen slik:

Strukturval 0: Vidareføring av dagens situasjon (Grinde skule på ny tomt) (referansealternativet)

Strukturval 1: Grinde skule inkl. Førland på ny tomt

Strukturval 2: Frakkagjerd inkl. Førre – resten uendra (Grinde skule på ny tomt)

Strukturval 3: Tysværvåg barne- og ungdomsskule inkl. Førland skule (Grinde skule på ny tomt)

Strukturval 4: Grinde skule inkl. Førland og Straumen på ny tomt

Strukturval 5: Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl. Straumen

Strukturval 2, kan kombinerast med andre alternativ. Det er også vurdert flere andre løysingar som ikkje er vidareført som reelle alternativ i denne planen.

Kvar strukturalternativ er kostnadsrekna med tanke på investeringsbehov og kva for konsekvensar alternativa har på kommunens driftsbudsjett – samanlikna med vidareføring av dagens situasjon.

Tysvær kommune har to utbyggingsval for Frakkagjerd ungdomsskule for å auke elevkapasiteten og funksjonaliteten til skuleanlegget.

1. Variantar av mindre tilbygg, ombygging, rehabilitering av eksisterande skule
2. Ny ungdomsskule

Dimensjoneringa av løysingane over, vil avhenge av om ungdomsskuleeleverne frå Tysværvåg og / eller Nedstrand skal overførast til felles ungdomssteg i kommunen.

Norconsult si tilråding

Norconsult tilrår ei slik struktur- og utbyggingsløysing for Tysvær kommune slik:

Kortsiktig periode 4-6 år: Frakkagjerd ungdomsskule.

Mellomlangsiktig periode 6-10 år: Ny Grinde skule inkl. Straumen og Tysværvåg barne- og ungdomsskule inkl. Førland

Langsiktig periode 10-15 år: Frakkagjerd barneskule inkl. Førre skule (600 elevar)

Sjå kap. 7 for nærmere vurderingar i høve vala over.

► Innhold

1	Innleiing	7
1.1	Bakgrunn og føremål	7
1.2	Arbeid med rapporten	8
1.3	Kommunale føringer	8
1.4	Statlege føringer	10
2	Elevtalsprognosar	13
2.1	Prognoseføresetnadar	13
2.2	Førskuleborn 1-5 år (barnehagealder)	14
2.3	Samla elevtal for heile grunnskulen 1-10 årstrinn	15
2.4	Norconsults prognose samanlikna med SSBs framskrivingar	16
2.5	Frakkagjerd barneskule	18
2.6	Frakkagjerd ungdomsskule	19
2.7	Førland skule	20
2.8	Førre skole	21
2.9	Grinde skule	22
2.10	Nedstrand barne- og ungdomsskule	23
2.11	Straumen skule	24
2.12	Tysværåg barne- og ungdomsskule	25
3	Tysvær-skulen no og i framtida	26
3.1	Skulestruktur og pedagogisk kvalitet	26
3.2	Konsekvensar for skulestruktur	27
3.3	Tryggleik og sikring av uønska hendingar	30
4	Arealnorm - føringer for arealbruk og arealdisponering	32
5	Areal- og funksjonsanalyse	34
5.1	Metodikk for arealanalysen	34
5.2	Frakkagjerd barneskole (inkl. paviljongar)	35
5.3	Frakkagjerd ungdomsskole	38
5.4	Førland skule	41
5.5	Førre skule	44
5.6	Grinde skule	47
5.7	Nedstrand barne- og ungdomsskule	50
5.8	Straumen skule	53
5.9	Tysværåg barne- og ungdomsskule	56
6	Seks vurderte strukturval	59
6.1	Hovudinngrykk av grunnskulen i Tysvær kommune	59
6.2	Overordna føresetnader	60

6.3	Oversyn – vurderte strukturval i denne rapporten	63
6.4	Struktur- og utbyggingsløysingar for Frakkagjerd ungdomsskule	64
6.5	Kostnader knytt til auka idrettshallkapasitet	66
6.6	Kostnader knytt til erstatningsskule (modulbygg)	66
6.7	Strukturval 0 – Vidareføring av strukturen slik den er i dag (samanlikningsalternativet).	67
6.8	Strukturval 1 – Grinde skule inkl. Førland skule på ny tomt	69
6.9	Strukturval 2 – Frakkagjerd barneskule inkl. Førre skule	72
6.10	Strukturval 3 – Tysværåg barne- og ungdomsskule inkl. Førland skule	75
6.11	Strukturval 4 - Grinde skule inkl. Førland skule og Straumen skule på ny tomt	78
6.12	Strukturval 5 – Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl. Straumen	81
6.13	Driftskonsekvensar – samanlikning av strukturvala	84
7	Tilråding (Norconsult)	86
7.1	Framlegg til rekkefølgje og prioritering av tiltak	86

1 Innleiing

Lokaliseringa av grunnskulane viser korleis kommunen organiserer og innrettar grunnskuletenestene – og utgjer skulestrukturen til kommunen. Føremålet med dagens lokaliseringar og innretningar, er at den skal stø opp under måla og satsingsområda til kommunen i eit langsiktig perspektiv.

Lokaliseringa av skulane i Tysvær er eit resultat av mange historiske frittståande vedtak om skuletype, storlek og skulestad. Dagens skulestruktur er vedteken under andre føresetnader og samfunnsbehov. Endra busettings- og flyttemønster, arbeidsplassutvikling, fortetting langs ny veg- og infrastruktur, endringar i utviklinga av sentrum og periferi, spreitt bustadbygging i distrikta, ny teknologi mv., viser ein kommune i stadig endring.

Det kan derfor vera nødvendig å vurdera om dagens lokaliseringar, innretningar og organisering av dei kommunale grunnskuletenestene er i samsvar med røynda og framtida.

1.1 Bakgrunn og føremål

Skulebruksplanen har eit langsiktig perspektiv og skal mellom anna medverka til:

- ❖ å sikre ein stabil skulestruktur over tid som samsvarer med elevtalsutvikling (behov) og tilgjengeleg skulekapasitet (skuleplassar)
- ❖ å sikre eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- ❖ å sikre funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg med økonomisk berekraft i grunnskuletenestene som tilpassa kommuneøkonomien
- ❖ å sikre tilstrekkeleg skuleareal, både ute og inne, med best mogeleg kvalitet på skuleanlegga
- ❖ å sikre at skulearealet er godkjende etter gjeldande lov- og regelverk
- ❖ gi råd om fysiske og pedagogiske arealrammer med kostnadskalkylar
- ❖ å sikre at elevane har ei akseptabel reisetid til og frå skulen

Styringsgruppa for planarbeidet utarbeidde eit forslag til presisering av mandatet i møte 23. april 2019. Denne presiseringa ble vedtatt av formannskapet slik:

Revidert innhold skolebruksplan

- ❖ Mål og premisser
- ❖ Nasjonale og lokale føringer for framtidig skulestruktur
 - Pedagogisk og organisatorisk fokus
 - Elevtallsprognosar i skolekretsene
 - Tilstandsvurdering og Arealanalyse med kapasitets- og funksjonsvurderinger
 - Utviklingsplan for skolene (skolekrets) - Kjennetegn, utfordringer og muligheter
 - Samlet vurderinger og tilrådning

Dette planforslaget legger mindre vekt på pedagogiske føringer. Det vil bli mer fokusert på i et rom- og funksjonsprogram for Tysvær kommune som blir lagt fram for politisk mynde etter behandlingen av skolebruksplanen.

1.2 Arbeid med rapporten

Norconsult fekk oppdraget med å utarbeide skolebruksplanen 19.06 2018 på bakgrunn av referert kommunestyrevedtak av desember 2017 og tilhøyrande kravspesifikasjon.

Synfaringar

Saman med representantar frå Tysvær kommune har Norconsult vore på synfaring på alle skulane i kommunen. Synfaringane er gjennomførte i samarbeid med rektorane. Eit av føremåla har vore å innhenta informasjon om skulane knytt til funksjonalitet, utforming av bygget og fysiske læringstilhøve og eventuelle konsekvensar av nåverande skulestruktur på eigen skule.

Folke- og elevtalsprognosar

Folke- og elevtalsprognosane som ligg til grunn for utgreiinga blei utarbeidd av Norconsult i desember 2018. Prognosane er korrigert for lokal bustadbygging, slik denne er vedteken i reguleringsplanar og arealdelen i Kommuneplanen. Bustadprogrammet er utarbeidd av Tysvær kommune i samarbeid med Norconsult.

Analysar og vurderingar

Arbeidet med å analysere situasjonen i dag, og gjere vurderingar for framtida, er gjort med utgangspunkt i innsamla materiale, synfaringar og prognosar.

Det er gjennomført fleire møte med skuleleiinga ved Eli Krokedal og plansjef John-Fredrik Rognsvaag. Rektorane har vore kontaktpersonar knytt til analysane av kvar skule.

Administrativ styringsgruppe for planarbeidet har hatt ei slik samansetning:

Sigurd Eikje (rådmann), Eli Krokedal (skulesjef), Bjørn Bruaset (kommunalsjef), Tor Leif Helgesen (økonomisjef), Jorid Vea Isdahl (kommunalsjef) og John-Fredrik Rognsvaag (plan- og utviklingssjef)

1.3 Kommunale føringer

Skulestrukturen skal bidra til å realisere kommunen sine mål og satsingsområde i eit langsiktig perspektiv. Lokal skulestruktur må difor vere i tråd med dei langsiktige føringane i gjeldande kommuneplan med samfunnsdel. Det er likevel slik at skulane som anna communal tenesteyting, må tilpassast samfunnsutviklinga og dei endringane som skjer i kommunen. Dei fleste av desse blir fanga opp i kommunen sitt årshjul ved handsaming av budsjett og økonomiplan.

I skulesamanheng har slike tilpassingar vore knytt til større omleggingar som har trong for breiare og meir langsiktige prosessar enn kva eit årshjul kan fange opp. Utbygging av nye og/eller større skular i meir tettbygde område er døme på slike tilpassingar. Auka urbanisering og tilflytting til sentrumsområde har vore aukande i Noreg. I Tysvær er det slik at eigne innbyggjarar i like stor grad flytter og buset seg i Førre-Frakkagjerd-Aksdal-Grinde områda som at dei flyttar til Haugesund. Elevtalsprognosane for Tysvær kommune syner ein slik trend. Det er fråflytting og minkande elevtalsgrunnlag i dei mindre bygdene og noko auke i sentrumsnære område.

Lokal skulestruktur blir påverka av nasjonale og regionale utviklingstiltak. Nye vegar, tunellsystem gjennom fjordar, nye brusamband, arbeidsmarknaden lokalt og på Haugalandet, betre teknologi er døme på faktorar som endrar samfunnet rundt oss.

Kommuneplanen sin samfunnsdel omtaler både eit sterkt sentrum og ynskje om levande bygder. Levande bygder er gjerne forbundne med vidareføring av eit visst nivå av synlege kommunale tenester. Skule er ein teneste som særleg blir omtalt som sentral for busetting og grunnlag for å gje bygdene attraktivitet. Difor vil

endring av lokalisering av grunnskulane med skulenedlegging som resultat opplevast som ei nedbygging av staden framfor ei satsing på distrikta. Når skal ein skule leggjast ned? Kvifor skal eventuelt skulen leggjast ned? er spørsmål som krev gjennomtenkte svar. Difor er skulestruktur kanskje ei av dei mest vanskelegaste sakene å handsame for det administrative og politiske miljøet i ein kommune.

I Kommuneplanen sin samfunnsdel er lokal skulestruktur omtala slik:

....

«*Tysvær kommune vil utnytte eksisterande og planlagt skulekapasitet gjennom god bustadplanlegging og tettstadsutvikling. Bygningsmassen skal vere godt vedlikehalden og stå fram som tenleg i tråd med dei krava som til ei kvar tid gjeld. Skulestruktur og behov for utvida skulekapasitet skal vurderast og tilpassast befolkningsutviklinga.*

Utfordringar

Variasjonar mellom årskull gir utfordringar med tanke på å sikre eit stabilt og godt læringsutbytte, og læringsmiljø over tid. Å sikre og rekruttere god lærarkompetanse på alle skular og trinn kan bli ei utfordring framover, som krev merksemد og tiltak.

Elevtalet er i 2020 forventa å ligge mellom 1700 og 1800 elevar avhengig av låg eller høg befolkningsutvikling. Den største befolkningsveksten framover vil komme i ytre sone med mange nye bustadområde planlagt i Aksdal, Grinde, Frakkagjerd og Skeiseid. Her har kommunen ei utfordring med å sikre tilstrekkeleg skulekapasitet. I skulekrinsane Førland, Straumen og Nedstrand ser det ut til at barnetalet vil halde seg stabilt eller bli noko redusert.»

....

«Det er ei utfordring å sikre at utbygging av skulekapasiteten i framtida skjer innafor ei økonomisk forsvarleg ramme.»

1.3.1 Kommunen som tilbydar av grunnskuletenester

Tysvær kommune skal gi brukarane kvalitative, likeverdige og kostnadseffektive grunnskuletenester. Det er difor avgjerande at skulestrukturen bidreg til å realisere dette målet.

Målet om å tilby mest mogleg likeverdige tenester til brukarane, er ei viktig rettesnor for den kommunale forvaltninga. Elevane er hovudmålgruppa til grunnskuletenestene og læring, tryggleik og trivsel har eit hovudfokus i Tysvær-skulen. Ei heilsakleg gjennomgang av lokal skulestruktur bør difor ha stort fokus på korleis tenestene er produsert og lokalisert – og korleis dei fysiske læringsmiljøa forsterkar skulane sine høve til å drive opplærings- og formidlingsarbeid. Eit godt og moderne fysisk læringsmiljø tilpassa den pedagogiske verksemda vil vere avgjerande for den samla tenestekvaliteten. I skolebruksplanen er framlegg til arealnorma, saman med utformingsprinsipp ein sentral del for å sikre likeverdige fysiske tilhøve i Tysvær-skulen.

Mange grunnskular som ligg tett, ulike skuletypar og skulestorleikar

Tysvær kommune er delt inn i 8 skular/ / skulekrinsar. Grunnskulane ligg forholdsvis tett og nært kvarandre. Det er små avstandar mellom skuleanlegga, slik lokaliseringane er i dagens skulestruktur. Storleiken på skulane er varierande både på barne- og ungdomssteget. Kvaliteten på bygga og det fysiske læringsmiljøet har og stor variasjon i funksjonalitet .

Korte avstandar gjev utfordringar i høve elevfordeling mellom skulane, særleg i sentrumsnære strok – og vanskeleggjer ei utnytting av kommunen si samla skulekapasitet. Slike moment må vurderast når ein tar stilling til organisering og lokalisering av grunnskulane i Tysvær.

1.4 Statlege føringar

Lover og forskrifter

Utvalde lover og forskrifter som er styrande for denne utgreiinga er;

- ❖ FN sin barnekonvensjon (artikkel 3 nr. 1) – barna sitt beste
- ❖ Opplæringslova
- ❖ Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK 2020)
- ❖ Forskrift om Miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- ❖ Diskriminerings- og tilgjengelegheit lova
- ❖ Plan- og bygningslova
- ❖ Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10)
- ❖ Arbeidsmiljølova

1.4.1 Nærskuleprinsippet

Prinsippet om å gå på nærskulen er felt ned i Opplæringslova § 8-1 Skolen, 1. ledd:

«Grunnskoleelevarane har rett til å gå på den skulen som ligg nærmest eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje».

Barneombodet omtalar nærskuleprinsippet slik på sine heimesider (<http://barneombudet.no/for-voksne/voksne-hjelper-barn/skole/naerskoleprinsippet-rett-til-a-ga-pa-den-naermeste-grunnskolen/>) :

«Nærskulen behøver ikkje å vere den skulen som ligg nærmast der eleven bur, sjølv om den ofte er det. Kommunen skal legge vekt på fleire forhold når dei vurderer kva skule som er eleven sin nærskule.

For det første er det fleire objektive kriteria, til dømes geografiske forhold, topografi og farleg skuleveg. Kommunen skal også legge vekt på subjektive forhold. Det kan dreie seg om kva skule søsken går på og særlege behov hos eleven, for eksempel om eleven har vore utsett for mobbing.

Det er også fleire kriteria kommunen ikkje kan vektlegge i vurderinga av kva skule som er nærskulen til ein elev. Døme på dette er å oppretthalde skulestrukturen i kommunen, halde liv i små skular, fordele belastning på ulike skular, spreie eller samle sterke eller svake elevgrupper, spreie eller samle elevar med minoritetsbakgrunn, eller samle elevar med behov for spesialundervisning.

Det er kommunen som tildeler skuleplassar til barn. Barnekonvensjonen artikkel 3 pålegg kommunen å vurdere, og å legge stor vekt på, omsynet til kva som er det beste for barnet. Dei fleste gjer dette gjennom å lage reglar (forskrifter) om kva skule ulike område i kommunen soknar til. Nokre kommunar har ikkje laga forskrift, men kommunane må likevel følgje prinsippa nemnd før i teksten. Systemet kvar kommune har for kva område som soknar til kva skular, er definert som skulekrinsar.

Nærskuleprinsippet betyr at alle elevar som soknar til ein bestemt grunnskule, har rett til å gå på den skulen. Kommunen skal likevel ta omsyn til kva behov den enkelte eleven har, så reglane må gi rom for unntak.»

1.4.2 Nærskuleprinsippet lokalt

I område kor det er busett mange elevar og kor barneskulane ligg tett, vil mange kommunar ha utfordringar med å fordele elevane slik at skulekapasiteten blir godt utnytta. Retten til å gå på den nærmeste skulen er eintydig i opplæringslova. Ei opning for å fråvike retten til å gå på den nærmeste skulen geografisk sett, er om kommunen kan dokumentere at nærmeste skulen ikkje har kapasitet. (j.f. Areal- og kapasitetsanalysa i kap. 5).


Kommunen kan då overføre elevar mellom naboskular. Nokre kommunar har utarbeidd eiga forskrift som fordeler elevane til sine respektive skuleområder.

I Tysvær er det elevfordelinga mellom Førre og Frakkagjerd barneskular som utgjer den største utfordringa i dag. Kartet (neste side) viser skulekringsgrensene mellom dei største barneskulane i dei mest folkerike områda i kommunen.

I ein radius på 4 km frå Frakkagjerd barneskule ligg det heile 3 barneskular. Førland skule ligg heilt på grensa til denne avstanden.

Når skulane ligg så tett, vil dette gje fleire problemstillingar knytt til elevfordeling og skuleval.

Flest elevar bur i aksen mellom Førre skule og Frakkagjerd skule. Kringsgrensene mellom dei fire skulane i sentrum av kommunen, er illustrert med ulike fargar.



I planen er det skissert eit strukturval som inneber at Førre (grøn) og Frakkagjerd barneskular (lilla) blir til ein skulekrins. Eit slikt grep vil forenkla elevfordelinga og resultere i mindre forvaltnings- og sakshandsaming knytt til nærskuleprinsippet i dette området.

1.4.3 Rundskriv Udir-2-2012

Rundskriv som er aktuell i samband med saker som gjeld endring av skulekringsgrenser

- Rundskriv Udir-2-2012 gir særskilde sakshandsamingsreglar for kommunar som eventuelt vurderer å endre på skulekringsgrensene eller vurderer å leggje ned eksisterande skuletilbod. Kommunen si sakshandsaming for denne utgreiinga er bygd på dei prosessuelle retningslinene i dette rundskrivet.

2 Elevtalsprognosar

2.1 Prognoseføresetnadar

Folketalsprognosene til Norconsult er grunna i desse føresetnadane:

- Samansettinga av folketalet per 01. januar 2018 på grunnkrinsnivå (Tal frå SSB) fordelt til gjeldande skulekrins.
- Faktiske elevtal ved skulane i skuleåret 2018/19 per 01.oktober 2010 (kjelde: Tysvær kommune).
- Fruktbarheit og dødelegheit som for dei siste 5 åra.
- Flytting: Aldersfordelt flytttemønster inn i, ut av og internt i kommunen i åra 2014-2018, er lagt til grunn for aldersfordelt flytting i åra framover.
- Avgang av elevar til nabokommunane tilsvarande det historiske nivået i skuleåra 2014/15 – 2018/19.
- Bustadbygging: Sjå byggjeprogram under.

2.1.1 Bustadbyggjeprogrammet 2019-2034


Skulekrins	Årleg gj.snitt 2013-2017	Nye bustadar som det er teke høgde for i prognosene														Sum 2018-2033	
		2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
Frakkagjerd	23	30	30	30	30	30	30	30	30	22	22	22	22	22	22	22	416
Førland	8	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	64
Førre	10	15	15	15	15	15	15	15	15	10	10	10	10	10	10	10	200
Grinde	20	27	27	27	27	27	27	27	27	36	36	36	36	36	36	36	504
Nedstrand	8	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	64
Straumen	6	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	64
Tysværvåg	14	6	6	6	6	6	6	6	6	10	10	10	10	10	10	10	128
Sum	89	90	90	90	90	90	90	90	90	90	90	90	90	90	90	90	1440

Det er bygt 89 bustader i gjennomsnitt per år i perioden 2013-2017. Bustadbyggjeprogrammet legg seg på dette nivået framover i prognoseperioden og fordeler dette overslaget på skulekrinsane etter erfaringstal frå kommunen. I prognoseperioden på 16 år utgjer overslaget ei samla bustadbygging på 1 440 nye bustadar.

Programmet tek utgangspunkt i godkjende og vedtekne reguleringsplanar, planar til godkjenning og føringar i vedtekne kommunedelplanar og arealdelen i Kommuneplanen, og i tillegg er dokumentet om «Bustadpolitikk – Utbyggingsstrategi. Retningsgjevande bustadbyggeprogram» nytta som grunnlag for utarbeidninga av bustadbyggjeprogrammet over.

Det er Grinde (35%) og Frakkagjerd (29%) skulekrinsar som vil få 64% av den samla bustadbygginga i kommunen i perioden. Tek ein med Førre skulekrins (14%) i dette reknestykket, vil desse tre krinsane få 1 120 nye bustadar og ha hovuddelen av bustadrealiseringa i perioden (78%). Dei resterande 22 % med 320 bustadar blir realiserte i dei andre skulekrinsane.


2.2 Førskuleborn 1-5 år (barnehagealder)



I prognosene barn i førskulealder, er det lagt til grunn at fødselskulla på 0-åringane vil vere mellom 130- 170 i prognoseperioden.

For barn i barnehagealder er det ein liten nedgang på kort sikt. Historisk (dei fire åra før prognoseperioden) har det vore langt over 800 born i kommunen. Det er først i 2030 at kommunen, med utgangspunkt i denne prognosene, kan forvente å nå det historiske talet i 2014 med over 800 born i barnehagealder.

2.3 Samla elevtal for heile grunnskulen 1-10 årstrinn




Figuren over gjeld for elevar i dei kommunale grunnskulane. Folkeregistrerte elevar i Tysvær som går på skular utanfor kommunegrensa er ikkje medrekna.

Tysvær kommune kan forvente ei stabil samla elevtalsutvikling i prognoseperioden. På lang sikt vil elevtalet bli redusert med om lag 100 elevar samanlikna med i dag.

I løpet av dei første seks åra i prognosen vil elevgrunnlaget vere omlag 1 650 elevar. Årskulla vil variere mellom 140 – 170 elevar.

På ungdomssteget utgjer dette eit elevtalsgrunnlag på omlag 500-550 på lang sikt tilsvarande ein felles 6 - parallel ungdomsskule (U540).


2.4 Norconsults prognose samanlikna med SSBs framskrivingar



Norconsult sin prognose ligg tett opp til SSB sitt høgaste framskrivingsalternativ (HHMH), slik at dette må vurderast som ein optimistisk prognosebane for kommunen.

Programmet for bustadbygging er godt avstemt mot historisk nivå, og det er difor eit realiserbart program som ligg til grunn for prognosen. Tysvær kommune må forvente at fruktbarheita blir lågare i prognoseperioden og dette kan gi ein mindre befolkningsvekst enn kva som ligg til grunn i prognoseføresetnadane.


2.4.1 Demografisk hovedutfordring – endring i alderssamansettning



Med utgangspunkt i nivået i 2017 for desse fire aldersgruppene, ser ein at tal på personar i gruppene med dei eldste veks i prognoseperioden. Det er særleg i aldersgruppene 70-79 år og 80 år+ som får ein særskilt høg vekst frå 2024 og utover.

I 2017 er tal på personar i aldersgruppa 80 år og eldre på 379 personar. I 2033 forventar Norconsult sin prognose at denne aldersgruppa har meir enn dobla seg. Denne gruppa er tenesteintensiv og kommunen må førebu seg på å løyse utfordringane dette inneber.

2.5 Frakkagjerd barneskule




Den positive elevtalsutviklinga ved Frakkagjerd barneskule vil halde fram .Det vil bli ein liten årleg vekst og skulen har potensial om å bli i overkant av 300 elevar på lang sikt.

Med ein hovudstruktur på 14 klasserom med to på kvart årssteg vil det vere kapasitet til om lag 50 elevar på årsstega. Årsstega blir i følgje prognosene jamne og vil som hovudregel ligge godt under 50 elevar årleg. Einskilde årssteg vil bli på om lag 35 elevar.

Dersom bustadbygginga og den interne flyttinga til denne skulekrinsen blir større enn føresetnadane i prognosene, kan elevtalsveksten bli noko høgare. Skulen blir utfordra på skulekapasiteten når årsstega godt over 50 elevar.

2.6 Frakkagjerd ungdomsskule




Ungdomsskulen kan forvente elevtalsvekst på kort og mellomlang sikt i prognosene. Skulen vil kunne stabilisere seg rundt 370-390 elevar på lang sikt.

Når elevtalet kjem opp mot 400 elevar er det grunnlag for drift som ein 4,5 parallel ungdomsskule. Veksten tek til allereie neste skuleår 2019/20 med eit elevtal på over 350 elevar.

Det er Frakkagjerd ungdomsskule som vert vurdert til å ha dei største kapasitetsutfordringane i Tysvær-skulen.

I kapitel 6.5 er det vurdert ulike utbyggingsløysingar for Frakkagjerd ungdomsskule.

2.7 Førland skule




Førland skule får eit elevtal over 80 elevar på kort sikt. «Toppåret» vert forventa å kome i skuleåret 2020/21 med 83 elevar. Vidare i prognoseperioden får skulen eit stabilt elevtal som er tilsvarende dei historiske åra (Skuleåra fom. 2014/15 tom. 2018/19)

Årsstega vil variere i storleik og mange kull blir truleg under 10 elevar.

Førland skule vil ,saman med Straumen skule, bli dei minste grunnskulane i Tysvær kommune.

2.8 Førre skole




Førre skule får eit stabilt elevtal innover prognoseperioden. Skulen vil på mellomlang sikt ha mellom 260-280 elever. På lang sikt gir prognoseføresetnadane eit elevtal på 260 elevar.

Til liks med dei historiske åra, må skulen vente at einskilde årssteg blir store med rundt 50 elevar. Nokre kull kan bli dobbelt så store som eit anna.

Prognosene syner at det kjem færre elevar inn i skulen enn dei som sluttar. Dette gir grunnlag for ein liten elevtalsnedgang på lang sikt.


2.9 Grinde skule



Grinde skule har hatt ein elevtalsvekst i skuleåra fram til inneverande skuleår 2019/20. Skulen har hatt færre enn 200 elevar og prognosene tilseier at skulen stabiliserer seg med 230 elevar på kort og mellomlang sikt. På lengre sikt er det grunnlag for ein mindre elevtalsvekst til om lag 250 elevar.

Årsstega ligg rett over det gamle klassedelingstalet med 28 elevar. Skulen kan forvente jamne årssteg utover i heile prognoseperioden.

2.10 Nedstrand barne- og ungdomsskule




Den kombinerte 1-10 skulen må i følge prognosane forvente ein elevtalsnedgang på 30 elevar på mellomlang / lang sikt – frå 130 elevar inneverande skuleår 2019/20 til om lag 100 elevar på lang sikt.

Dette gir små årssteg på om lag 10-12 elevar i klassane.

Truleg må skulen forvente at årsstega vil variere i storleik, slik at profilen mellom kulla vert tilsvarende som inneverande skuleår 2019/20.

Færre elevar kjem inn i skulen enn det er elevar som går ut – dette gjev elevtalsreduksjon.


2.11 Straumen skule



Straumen skule får samanhengande elevtalsnedgang etter inneverande skuleår 2019/20. Dette skuleåret markerer samstundes «toppåret» både historisk og for åra i prognoseperioden med 93 elevar.

Skulen vil i følgje prognosane få eit langsiktig elevtalsgrunnlag på rundt 60 elevar. Dette gir ein stor prosentvis elevtalsnedgang for skulen samla sett i perioden.

2.12 Tysværvåg barne- og ungdomsskule



Tysværvåg barne- og ungdomsskule får stort sett ein samanhengande elevtalsnedgang i prognoseperioden. Skulen har i dei historiske åra hatt eit elevtalsgrunnlag på over 280 elevar. På lang sikt vert dette redusert med rundt 110 elevar til om lag 170 elevar samla.

Skulen går frå å ha ein struktur med to klassar pr. årssteg til å bli ein 1-parallel skule med driftsgrunnlag til ein klasse pr. årssteg.

Slik sett er dette dramatiske tal for skulen.

3 Tysvær-skulen no og i framtida

Utviklinga av Tysvær-skulen, vil utfordre etablerte pedagogiske læringsprinsipp og setje nye krav til utforminga av skuleanlegga, både ved ombygging/rehabilitering og nybygg.

Skulen skal vere ein stad kor elevar og tilsette trivst og der elevane har ei aktiv rolle i eiga læring og er motiverte til å tilegne seg kunnskap. Skuleanlegga skal vere prega av fleksibilitet, generalitet og elastisitet. Fleksibilitet i form betyr her at dei er tilrettelagde for sambruk og fleirbruk og med eit areal som gjev fleirbruk mogleg. Skulen skal kunne møte svingingar i elevtal. Målet er å bygge skuleanlegg som tek høgd for utfordringar i framtida, både når det gjeld kapasitet og pedagogiske og didaktiske behov. Det er eit mål i seg sjølv å sikre størst mogleg samsvar mellom fysiske rammer og ønska praksis, slik at det i Tysvær-skulen i framtida er ein klar samanheng mellom innhald og skuleanlegg (form).

For Tysvær kommune handlar dette å utvikle skuleanlegg med teknologiske læringsareal, som skal støtte opp under ei undervisning med meir elevsentrerte læringsmetodar, dybdelæring og auka tverrfagleg involvering. Mange skuleanlegg i Tysvær er bygd i ei tid med andre kompetanse- og læringskrav. Eksperimentell og innovativ undervisning i tråd med nytt læreplanverk vil krevje skuleanlegg som er utforma med tanke på dette. Kapittel 3 handlar korleis gode og framtdsretta fysiske lærings- og arbeidsmiljø kan tilpassast endringar i ny og framtidige læreplanar.

3.1 Skulestruktur og pedagogisk kvalitet

3.1.1 Fagfornyinga – læring for framtida

Kunnskapsdepartementet, gjennom Utdanningsdirektoratet, har fornya læreplanverket frå 2006 (LK06). Ny overordna del, med verdigrunnlag og prinsipp for grunnopplæringa, var vedtatt 1. september 2017, og læreplanane for alle faga i grunnskulen blei vedtatt i november 2019. Heile læreplanverket (LK20) skal takast i bruk trinnvis frå skuleåret 2020/21. Grunnskulane i Tysvær skal bli best mogleg budd på å realisere intensjonane i det nye læreplanverket. Det fysiske læringsmiljøet skal vere eit verktøy for ei slik realisering av dei verdiane og prinsippa som planverket er bygd på:

1. Læringa skal vere relevant for elevane både her og nå og for framtida. Samfunnet og arbeidslivet endrar seg i tråd med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar. Eit berekraftig demokrati treng born og unge som er reflekterande, kritiske, utforskande og kreative.
2. Skulen skal leggje til rette for skaparglede, utforskartrong, tverrfaglegheit og dybdelæring. Gode rammer for dette krev tydelege prioriteringar.
3. Det skal vere tydelegare samanheng i heile læreplanverket. Det inneber betre samanheng i og mellom faga, og mellom verdiar/prinsipp og kompetanse måla i fag.
4. Dei fem grunnleggjande ferdighetene *Munnlege ferdigheter*, *Å kunne skrive*, *Å kunne lese*, *Å kunne rekne*, og *Digitale ferdigheter* skal vidareførast og integrerast faga.
5. Det skal utviklast robuste profesjonsfaglege fellesskap på og mellom skular. Alle tilsette skal involverast i dette.

Det fysiske læringsmiljøet i skulen må støtte opp under alle desse føresetnadene. Lokal skulestruktur i Tysvær kommune må ta innover seg av desse faktorane.

Nyare, større og meir moderne skular kan gi fysiske tilhøve og ei utforming som stimulerer til den opplæringa som læreplanverket initierer. Det fysiske læringsmiljøet skal leggje til rette for varierte læringsformer og fremje tilpassa og differensiert opplæring. Det vil krevje fleksible læringareal med god tilrettelegging for bruk

av teknologi og ulike digitale verkty, slik at lærarane til ei kvar tid kan velje metodar og praksis som forsterkar intensjonane i læreplanen.

3.1.2 Pedagogiske faktorar

I moglegheitsstudien (2016) som omhandla kommunedekkande ungdomsskule (Tysvær kommune 2016), blei det peika på fleire pedagogiske og organisatoriske perspektiv, og i tillegg fokus på faktorar som sikrar kvalitet i opplæringa.

Forsking peikar på nokre faktorar som kjenneteiknar god læring og kvalitet i opplæringa slik:

1. Relasjonsbasert klasseleiing (Pianta og Hamre, 2009)

Eit godt og trygt læringsmiljø er prega av gode relasjonar mellom lærar og elev – og elevane seg imellom. Elevane vert møtt med forventningar om å meistre og gitt relevant og tilpassa læringsstøtte, slik at dei opplever det trygt å feile og samstundes spørje om ting ein ikkje forstår. Læringa er i tillegg avhengig av strukturert og synleg leiing i klasserommet.

2. Fagkunnskap og formidlingsevne (Durham University v. Coe, Aloisi, Higgins og Major, 2014)

Dei dyktigaste pedagogane har god kunnskap i dei faga dei undervisar i, legg til rette for tilpassa og relevant bruk av læringsstrategiar og identifiserer elevane sine faglege utfordringar. Flinke pedagogar formidlar lærestoffet basert på det elevane allereie veit. God vurderingspraksis bidreg til å styrke elevane sin motivasjon og meistring.

3. Læringssyn (t.d. Dweck, 2006; Vygotsky, 1982)

Det er samanheng mellom læringssyn og effekten på elevane si læring. Lærarane sine eigne tankar og førestillingar om kva som gjev den beste læringa og korleis læring skjer, samt rolle og metodeval vil påverke elevane si læring.

4. Profesjonsfellesskap (Rutter et. al., 1979; Dufour & Eaker, 1998; Thompson, Gregg & Niska, 2004; Stoll, McMahon & Thomas, 2006; DuFour & Fullan, 2013)

Pedagogar som saman vurderer eigen og andre sin praksis i lys av teoriar og forsking, som grunnlag for endring og utvikling, held seg oppdaterte og undervisninga får stor innverknad på elevane si faglege og sosiale læring.

Desse faktorane frå nasjonal og internasjonal forsking dannar òg bakteppet for læreplanfornyinga. Det viser seg spesielt ved at samhandling i profesjonsfaglege fellesskap for første gang er teke med som eit eige delkapittel i overordna del (kap. 3.5). Skulen i framtida blir prega av auka mangfold, større kompleksitet og raskare endringstakt. Forskinga over syner at pedagogane må vere kompetente på fag, ha kompetanse på pedagogiske metodar, kunne formidle og kommunisere, i tillegg til å ha kompetanse på å utforske og undre. Læringsareala må gi rom for dette.

3.2 Konsekvensar for skulestruktur

I samband med moglegheitsstudia til ungdomsskulen i 2016, blei om skulestørleik og kvalitet omtalt som følgjer::

«De viktigste faktorene når det gjelder i hvilken grad en skole lykkes og utvikler seg i positiv retning, er undervisningskvalitet og ledelse. Det er det som skjer i «klasserommet», som har størst sammenheng med elevenes læring. Klasseledelse, pedagogisk praksis, vurderings- og tilbakemeldingspraksis, evne til å skape motivasjon og entusiasme gjennom god fagkompetanse, gode relasjoner mellom lærer og elever og elevene seg imellom er faktorer overordnet skolestørrelse og organisasjonsform. Hvilke type skolebygg og skolestørrelse en kommune velger, og har også stor betydning for ressursbruken i skolen (jfr. også kap. 5.4.).»

Når det gjelder forskning relatert til skolestørrelse og kvalitet er det gjort flere studier internasjonalt, i hovedsak i USA og Canada. I Norge er det få studier, og de er gjort på et begrenset utvalg. I denne sammenheng er det viktig å understreke at skolestørrelse er et relativt begrep. Internasjonal forskning på skolestørrelse og effekt og/eller effektivitet er gjort på skoler mellom 600 - 2000 elever på ungdomsskolenivå. Det som er store skoler i Norge med opptil 600-700 elever, er sett på som små/mellomstore i de studiene som er gjort omkring skolestørrelse og kvalitet. Store skoler i USA regnes f.eks. til rundt 2000 elever.

I Mulighetsstudiet har vi støttet oss på en metastudie av Sara Bubb (University College of London), som har sett på ulike studier og gjort en analyse av i hvilken grad skolestørrelse direkte påvirker elevenes læring, og i hvilken grad det har betydning for læreren og hans/hennes undervisningskvalitet.

Skolestørrelse kan også indirekte påvirke elevens læring og læringsutbytte gjennom kvaliteten på det psykososiale miljøet i gruppen/klassen, deltagelse i fag/fordypning utover fag/timefordeling, skolens/lærers kontakt med lokalmiljøet og foreldre, og relasjoner mellom lærer og elev.

For lærere vil skolestørrelse være av stor betydning når det gjelder profesjonsfellesskap, fagspesifikk kompetanse og mulighet for å fordele arbeidsbyrder som planlegging av felles tema, administrative oppgaver og for eksempel vurdering av elevarbeider.»

Strukturval i del 1 av skulebruksplanen vil påverke positivt og såleis gje føringar for fleire av perspektiva over. Den pedagogiske verksemda kan gå styrka ut av endra skulestruktur lokalt.

Dei lokale strukturdrøftingane må også vurderast opp mot fordelane og ulempene med større fag- og elevmiljø. Kommunen kan gjennom strukturelle grep, etablere meir homogene og like skular. Dette kan ha mange fordelar. Til dømes;

- meir fleksibel – mindre sårbar
- felles og betre kompetanseutvikling
- målstyring, leiing og resultatoppfølging – redusert kontrollspenn
- utvikle spesialistar i visse fag
- meir profesjonelle mot hjelpetenester, spesialistenester, mv

Spørsmålet om kva som er den optimale skulestorleiken har vore drøfta i Norge i lang tid. Opplæringslova gav fram til 2016 føringar for skulestorlek, og tilrådde at grunnskular ikkje oversteig 450 elevar. Denne tilrådinga er fjerna frå lova og det er opp til skuleeigar å vedta skulestorlek for sine grunnskular.

Statistisk sentralbyrå (SSB) og Utdanningsdirektoratet nyttar kategoriane færre enn 100 elevar, 100-299 elevar og over 300 elevar når dei kategoriserar skulestorlek.

I dag går utviklinga i retning av større skular. Dette er delvis eit resultat av auka sentralisering og fortetting, men òg eit signal om at forståinga for kva som er ein stor skule og kva som er ein liten skule er i endring. Det er lite skuleforskning som direkte kan syne samanhengar mellom skulestorlek og kvalitet, men mange kommunar vurderer at større skular gjev grunnlag for eit breiare fagmiljø som opnar for utvida samarbeid og spesialisering. Føringar i nytt læreplanverk om djupare og breiare forståing, samt profesjonsfagleg fellesskap både i og på tvers av fag kan vere argument for meir robuste einingar.

I denne planen er det to konkrete framlegg til å slå saman fire skulekrinsar til to nye skuleområde.

3.2.1 Nytt bygg – endra rammer – gode høve for å endre praksis og utvikle kvaliteten

Skulebygg og skuleanlegg er ikkje den mest sentrale faktoren for elevane si læring. Bygg som isolert faktor, gjev ikkje auka læring. Bygga kan imidlertid utgjere ein vesentleg forskjell om utforminga legg betre til rette for endra pedagogisk praksis og nye samarbeidsformer i undervisninga slik det nye læreplanverket krev.

Nye skuleanlegg skal med andre ord vere med på å leggje til rette for faktorar som betyr noko for elevane si læring og kvaliteten i skulen. Det å få bygg som står opp under intensjonane i fagfornyinga med dybdelæring, tverrfagleg tilnærming, ein kultur prega av openheit, profesjonsfellesskap og synlege faglege miljø vil vere vesentlege faktorar i dette omstillingssarbeidet. Funksjonelle og oppdaterte bygg kan frigi ressursar til å arbeide meir med elevane si læring.

Skuforskning syner at lærarane er sentrale for elevane si faglege og sosiale læring og danning, og pedagogisk praksis med variasjon og medvitne didaktiske val er avgjerande for læringsutbyttet. Skuleeigar må difor leggje til rette for skulebygg som aukar kvaliteten på læringsarbeidet. Om Tysvær kommune skal lukkast med store skuleinvesteringar og eventuelle strukturendringar for å skape større fag- og elevmiljø, vil henge saman med prosessane som skuleleiarane og lærarane saman utviklar undervegs og i kor stor grad dei tek del i og forstår føremålet med dei løysingane som blir valde. Skuleleiarar og lærarar er dei mest sentrale aktørane i det å nytte bygga som ein del av den pedagogiske verktøykassa.

Skulestrukturen og læringsareala må byggje opp under:

- **Profesjonsfellesskap / lærarsamarbeid.** Michael Fullan (2014) seier noko om det å dra i same retning. Gjennom samskaping utviklar ein kollektiv kapasitet og kompetanse. Skular som gjer det bra, har profesjonel delingskultur og samarbeidskultur. Kvaliteten på samarbeidet slår ut på elevane si læring. Kompetansebygging skjer i fellesskap der lærarane lærer saman (K. Roald, 2012)
- **Robust skuleleiing.** Eit samansett lag / team med leiarar, aukar sjansane for å lukkast med ei målretta utvikling. Viviane Robinson syner i studiene sine at leiarar som direkte involverer seg i elevane sin kvardag og undervisning, og som tydeleg leiar lærarane si profesjonelle læring, har stor effekt på kvaliteten ved skulen (*Elevsentrert skoleledelse*, 2008)
- **Rekruttering.** Dyktige pedagogar er sentralt for elevane si læring. Eit sentralt spørsmål for Tysvær kommune som skuleeigar vert :Korleis skal skulane våre vere attraktive for nye lærarar? Gode lærarar på Haugalandet ynskjer å jobbe på dei gode skulane. Dei blir motiverte av gode fagmiljø, gode kollegaer og dyktige leiarar. Korleis skulane er utforma, organisert og drivne kan bety mykje for rekrutteringa til skulane våre, og for å halde framoverlente lærarar og skuleleiarar i kommunen.

Høge forventningar til kva elevane kan lære , det at alle kan og vil gir òg effekt på læring. Michael Fullan seier: «A tool is only as good as the mindset using it». Eit verktøy er ikkje betre enn tankesettet til den som tek det i bruk. Bærekraftig skulestruktur og funksjonelle læringsareal vil kunne bli viktige premissar i denne samanhengen, men det vil aldri kunne bli meir enn ein god start, noko som gjer kvaliteten mogleg ved hjelp av dei menneska som skapar innhaldet.

3.2.2 Utformingsprinsipp i nye framtidige skuleanlegg

- Nye skuleanlegg skal byggast slik at dei kan møte nye og endra behov. I anlegget si levetid må det pårekna at skulen skal kunne møte nye undervisnings- og arbeidsformer. Anlegga må ha bygningsmessig fleksibilitet for å handtere nye krav i framtida.
- Skuleanlegget må over tid tilpassast nye krav og brukarar. Om elevtalet endrar seg, må bygningane vere tilrettelagde for å utvide anlegget eller endre på funksjonane i anlegget.
- Ved elevtalsnedgang, bør deler av anlegget kunne takast i bruk til andre føremål.
- Litt om planløysingane:

- Optimale med tanke på intern logistikk
- Fornuftig disponering av utearealet
- Bygga skal vere «inneskule» og planleggjast som reine bygg med skilje mellom skitten – rein sone. Plassering av inngangsparti og garderober skal utformast slik at det vert eit klårt skilje mellom rein og skitten sone.
- Nye skuleanlegg skal vere arealeffektive og ha ein brutto/nettofaktor som er nøktern utan å redusere funksjonskrav i skulen.
- Sambruk av funksjonar i anlegget og mellom brukarar bør vere ei rettesnor for planlegginga, samstundes som skulen identifiserer funksjonar og brukarar som krev skjerming
- Skuleanlegget må utformast slik at leige- og lånetakarar har enkel tilgang og bruk av anlegget. Utforminga må sikre enkel tilgang til uteleige- og utlånsareal, samstundes som resten av skulen kan vere avlåst.
- Skuleanlegga må ha ein tydeleg soneinndeling slik at særskilte soner kan låsast, medan andre er tilgjengelege for definerte brukarar. Døme på funksjonelle soner som bør kunne låsast:
 - Administrasjon og leiing
 - Lærararbeidsplassar / teamrom
 - Personalrom og møterom
 - Elevareal
 - Spesialareal
 - Fellesområde som kantine, amfi, foaje, mv.
 - Ev. idrettshall

3.3 Tryggleik og sikring av uønska hendingar

Skuleskyting vart for fyrste gong omtala i rapporten «Nasjonalt risikobilde» i 2015. Rapporten er utarbeidd av Direktoratet for samfunnstryggleik (DSB). I rapporten står det:

Et kritisk punkt er å avklare hvordan lærere og elever skal reagere når en mulig skoleskytingsepisode oppstår. Skal skolen evakueres, må rømningsveiene være bestemt på forhånd. Det samme gjelder om vinduer i første etasje skal benyttes. Det bør være flere rømningsveier for å unngå at alle samles på ett sted.

Som følgje av dette bør følgjande funksjonskrav¹ og grunnsikringstiltak som minimum ligge til grunn i nye og ombygde skular i Tysvær:

- **To rømningsveier:** Alle klasse-, læringsrom for elever og oppholdsrom for personalet må minst ha to rømningsveier. ("To dører ut av hvert rom. Gjør det lettere å flykte ut av et rom." Norconsult)
- **Manuelle låser:** Alle dører må ha manuell innsidelås med utvendig nøkkellås med tanke på mulighet for barrikadering på den ene siden (manuell innsidelås) og med tanke på brannsikkerhet og gisselsituasjoner på den andre siden (utvendig nøkkellås).
- **Glass vs sikre soner:** Eventuelle vegger/vinduer av glass, som på den ene siden kan bidra til å oppdage en trussel, må veies opp mot muligheten for beskyttelse. Sikre rom og soner med mulighet for barrikadering må være i umiddelbar nærhet av ev. rom hvor glass ikke muliggjør barrikadering.
- **Toveis talevarsling:** Toveis kommunikasjonssystem hvor krisleder ved rektor/stedfortreder kan varsles fra klasserommene, og klasserommene kan varsles fra rektor/stedfortreder, må integreres i skoleutforminga.
- **Lock down-mulighet:** Rektor/stedfortreder må ha mulighet til å låse ytterdører automatisk, ev. etter nærmere vurdering egne soner på skolen for å kunne isolere en trussel (ref. erfaring fra Winnenden

¹ Utarbeidd av Siv Stavem for Udir, artikkel om tryggleik og beredskap i nye skular.

<http://www.skuleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/144/24/Sikkerhet-og-beredskap-i-nye-skoler>

skoleskytingen hvor skolene i områdene ble satt under lockdown mens politiet jaktet på gjerningsmannen).

- **Mobildekning:** Det må sikres mobildekning i alle rom innendørs for å sikre mulighet av varsling av nødetater.
- **Skilting:** Nummerering, piler, fargekoder bør vurderes til skilting i skolen (jf. Norconsult om skiltprosjekt i Tyskland)
- **Brannsikkerhet:** Brannsikre bygningsmaterialer av høy kvalitet forhindrer brannstiftelser.
- **Vinduer:** Alternative fluktruter gjennom vinduer som kan åpnes er viktig, spesielt i første etasje.
- **Kompensering for etasjer:** Bygninger med flere etasjer er potensielt mindre trygge, da disse er vanskeligere å evakuere. Dette må kompenseres med gode muligheter for rømning, bygningsmaterialer m.v.

Tryggleik må alltid vere eit sentralt tema i samband med planlegginga av nye grunnskular lokalt. Fylkesmannen bør vere involvert i avgjersler som gjeld tryggleiksløysingar i nye skuleanlegg.

4 Arealnorm - føringer for arealbruk og arealdisponering

Det ligg ikkje føre eigne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det gjer til dømes for barnehageanlegg. I IS-2073 Miljø og helse i skulen – «Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular» - utgjeve 03/2014 er storleiken på innearealene til skular presisert.

(<http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Sider/default.aspx>):

«Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m^2 pr. elev. Så lenge inneklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkelrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m^2 pr. elev tilslisier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot $2,5\text{ m}^2$ pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

Spesialiserte læringsareal: Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklima som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).»

Framlegg til rettleiande arealnorm og arealanalysane har teke omsyn til desse føringane.

Arealnorma er tilpassa skulestorleikane til Tysvær kommune. Det er nytta 1,40 i brutto/netto faktor. For ungdomsskular med mange grupper på tilvalsfag/valfag fysisk aktivitet og helse, vil tilgang til ein variant av idrettshall gje betre føresetnader for timeplanlegginga.

Framlegg til arealnormTysvær kommune	Fådelt skole	1 parallel	2 parallel	3 parallel	1 parallel	5 parallel	6 parallel									
SKOLETYPE:	B75 Pt. elev	B100 Pt. elev	B200 Pt. elev	B250 Pt. elev	B300 Pt. elev	B350 Pt. elev	B400 Pt. elev	B500 Pt. elev	B600 Pt. elev	K200 Pt. elev	K250 Pt. elev	K300 Pt. elev	K400 Pt. elev	K500 Pt. elev	K600 Pt. elev	
GENERELL LÆRINGSAREAL:																
GENERELLE LÆRINGSAREAL	300	4,00	4,00	800	4,00	1.000	4,00	1.200	4,00	1.400	4,00	1.600	4,00	2.400	4,00	800
ELEVGARDEROBARITALET	60	0,80	80	160	0,80	200	0,80	240	0,80	280	0,80	320	0,80	400	0,80	480
SFO-BASE	15	0,20	20	40	0,20	50	0,20	60	0,20	70	0,20	80	0,20	100	0,20	120
SUM GENERELL LÆRINGSAREAL:	375	5,00	500	1.000	5,00	1.250	5,00	1.500	5,00	1.750	5,00	2.000	5,00	2.500	5,00	3.000
SPESIELT LÆRINGSAREAL:																
SKULEKJØKEN	85	1,13	85	1,85	85	0,43	85	0,34	85	0,28	85	0,24	85	0,21	85	0,17
BIBLIOTEK*	25	0,33	40	0,40	60	0,30	75	0,30	80	0,27	90	0,23	125	0,25	150	0,25
NATURFAG	35	0,47	50	0,50	75	0,38	65	0,26	65	0,22	75	0,21	75	0,19	75	0,13
MUSIKK	30	0,40	70	0,70	115	0,58	80	0,32	80	0,27	105	0,30	115	0,29	110	0,22
KUNST OG HANNDVERK	80	1,07	110	1,10	125	0,50	125	0,42	140	0,40	140	0,35	250	0,50	280	0,47
SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL	255	3,40	355	3,55	470	2,35	430	1,72	435	1,45	485	1,39	505	1,26	645	1,29
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON																
ADMINISTRASJON (INKL SFO-BEAR)	30	0,40	38	0,38	38	0,19	51	0,20	51	0,17	59	0,17	59	0,15	64	0,13
LÆREPARATEIDSSLASSAR	50	0,67	60	0,60	120	0,60	150	0,60	180	0,60	210	0,60	240	0,60	300	0,60
MØTEROM	20	0,27	20	0,20	20	0,10	40	0,16	40	0,13	45	0,13	50	0,11	60	0,10
PERSONALROMM	20	0,27	20	0,20	32	0,16	40	0,16	46	0,15	54	0,15	62	0,16	78	0,16
PERSONALGARDEROBARITALET	15	0,20	15	0,15	24	0,12	30	0,12	35	0,12	41	0,12	47	0,12	59	0,12
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL	135	1,80	153	1,53	234	1,17	311	1,24	352	1,17	409	1,17	453	1,13	551	1,10
ANDRE FUNKSJONAR:																
KANTINE*	-	0,00	30	0,30	60	0,30	75	0,30	90	0,30	100	0,29	120	0,30	150	0,30
HELESEPPITILOGOED*	-	0,00	15	0,15	30	0,15	30	0,12	30	0,10	30	0,09	30	0,08	30	0,05
DRIFF OG LAGER*	40	0,53	40	0,4	70	0,35	75	0,30	85	0,25	100	0,25	125	0,25	125	0,21
SUM ANDRE FUNKSJONAR	40	0,53	85	0,85	160	0,80	180	0,72	195	0,65	215	0,61	250	0,63	305	0,61
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal	805	10,73	1.093	10,93	1.864	9,32	2.171	8,68	2.482	8,27	2.859	8,17	3.208	8,02	4.001	8,00
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal	1.127	15,03	1.530	15,30	2.610	13,05	3.039	12,16	3.474	11,58	4.002	11,43	4.491	11,23	5.601	11,20
IDRETTSSAREAL (SALGARD/BIRDM)	150	2,00	200	2,00	350	1,75	350	1,40	350	1,17	350	1,00	350	0,88	700	1,40
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal	955	12,73	1.293	12,93	2.234	11,07	2.521	10,08	2.832	9,44	3.209	9,17	3.558	8,89	4.701	9,40
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N	1.337	17,83	1.80	18,10	3.100	15,50	3.529	14,12	3.964	13,21	4.492	12,83	4.981	12,45	6.581	13,16

5 Areal- og funksjonsanalyse

5.1 Metodikk for arealanalysen

I dette kapitelet ser vi nærmere på skuleanlegga i Tysvær kommune. Gjennomgangen tek utgangspunkt i visuell observasjon/synfaring av skulane, samtalar med skuleleiarane og dei teikningane og areallistene som er gjort tilgjengeleg for Norconsult.

Skuleanlegga er og vurderte med omsyn til kva kapasitet anlegget har. Kapasiteten til skuleanlegga er eit uttrykk for kor mange elevar og grupper skuleanlegget har plass til.


Tysvær kommune har ikkje vedteke ein eigen arealnorm for skuleanlegg. For å vurdere elev-kapasiteten til dei generelle læringsareala (klasseromma) i skuleanlegga har vi difor teke utgangspunkt i anbefalingane gitt i rettleiar til forskrift om Miljøretta helsevern i skular. Rettleiarene peiker på at kvar elev bør ha mellom 2,0 m² og 2,5 m² i klasseromma, avhengig av tilgang og storleik på tilstøytane rom og funksjoner. Areal til lærar kjem i tillegg.

Det er liten skilnad i kva for spesialiserte læringsareal ein barneskule og ein ungdomsskule har trong for. For kvar skule er det gjort ei vurdering av om areala for kunst og handverk, mat og helse, kroppsøving og naturfag er tilfredsstillande for det elevtalet dei generelle læringsareala har kapasitet til. Kvaliteten på utstyr og inventar er ikkje teke omsyn til i vurderinga, berre om areal og funksjonalitet er tilfredsstillande.

For å vurdere kva kapasitet skuleanlegget har for lærararbeidsplassar blir det nytta ei norm på 6 m²/ arbeidsplass, noko som er i samsvar med arbeidsplassforskrifta. For andre personalfunksjonar er det gjort ei vurdering av om dei er føremålstjenlege for skulen sine tilsette. Dei naudsynte areala og funksjonar for administrasjon og leiing tek utgangspunkt i talet på tilsette i dag. Norconsult har erfart at det er lite som tilseier trong for fleire kontorarbeidsplassar til administrativt personell, utover slik det er i dag, sjølv om talet på elevar og klassar aukar.

Areal og funksjonar for drift og reinhald er ikkje teke med fordi dei ikkje er avgrensande for tal på elevar ved skulen.

5.1.1 Samla skule- og elevkapasitet ved grunnskulane i Tysvær



Det er mykje ledig skulekapasitet i dagens skulestruktur i Tysvær kommune.

Maksimalt er det plass til over 2 300 elevar i dagens skuleanlegg.

Det er om lag 100 klasserom tilgjengeleg i Tysvær-skulen.

5.2 Frakkagjerd barneskole (inkl. paviljongar)

5.2.1 Om skulen



Frakkagjerd barneskole er ein to-parallel barneskule lokalisert ved sida av ungdomskulen og idrettsanlegget på Frakkagjerd. Hausten 2018 hadde skulen ca. 275 elevar fordelt på 7 årssteg, og 48 tilsette fordelt på 37 årsverk.

I illustrasjonen er ikkje to paviljongar som skulen disponerer teke med, men dei er inkludert i kapasitetsvurderinga.

5.2.2 Innhold

Frakkagjerd barneskole	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	1 300 m ²	
Klasserom	915 m ²	14 rom
Grupperom	114 m ²	8 rom
Garderobar og toalett	271 m ²	26 rom
SFO	-	-
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	173 m ²	
Mat og helse	-	-
Musikk	71 m ²	1 rom
Naturfag	13 m ²	1 rom
Kunst og handverk	-	-
Bibliotek	89 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	331 m ²	
Lærararb.pl.	147 m ²	
Kontor	32 m ²	
Forkontor	11 m ²	
Møterom	38 m ²	
Personalrom	58 m ²	
Personalgarderobar/WC	20 m ²	
Kopi og arkiv	25 m ²	
Anna personalareal	-	

Frakkagjerd barneskole har eit **netto generelt læringsareal** på 1300 m². Dette inneber ein kapasitet på **270 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 915 m² og fordeler seg på 14 klasserom. Når ein legg til grunn 2 – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **370 - 460 elevar** ved maksimal utnytting av areala. Merk at mange av klasseromma har ei søyle midt i rommet som saman med plass til lærar og eventuelle møbler som skap, hyller etc. kan gje redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen har få grupperom og andre fellesareal/samlingsrom i og med at forholdet mellom tal på grupperom og klasserom er lågare enn 1:1. Skulen har ei lita avdeling for tilrettelagt opplæring, og erfaring tilseier at det også er behov for grupperom til anna spesialundervisning. For å kunne handtere slike situasjoner bør skulen å ha fleire grupperom tilgjengeleg.

SFO disponerer hausten 2018 ingen eigne rom, men må basere seg på sambruk med anna areal i skulebygget. Det ville vore til god hjelp om Mat og helse hadde lagt i hovudbygget, slik at SFO kunne nyta desse areala. Dei disponerer eit lagerrom og eit kontor som blir nytta av tilsette ved SFO. I kombinasjon med små garderobar og ingen rom for kunst og handverk eller skulekjøken blir SFO sine sambrukstilhøve avgrensa.

Spesialisert læringsareal utgjer 173 m² fordelt på lagerrom for naturfag, musikkrom og bibliotek. Både musikkrommet og biblioteket er store og ligg sentralt plassert i skuleanlegget ved vestbyggen. Det er mogleg å opne opp mellom vestbyggen og musikkrommet, slik at sistnemnde kan fungere som scene ved eventuelle framføringar. Skulen har berre eit lager for materiell til naturfag. Praktiske aktivitetar i dette faget må difor utførast i klasseromma. Skulen manglar eige areal for kunst og handverk. Dei disponerer eit mat og helse areal i nabo bygget, Sysco Arena.

Personal- og administrasjonsareal. Administrasjonen er sentralt plassert ved vestbyggen og hovedinngangen. Forkontoret er plassert som ein del av biblioteket, og her er også ein direkte inngangen til

kontorfløya. Her disponerer skulen si leiing tre cellekontor og to møterom. I tillegg er arkivet, kopifunksjon, lager for rekvisita, personalgarderobar og personalrommet plassert her. Funksjonane utgjer ei skjerma sone.

Dei fleste av lærararbeidsplassane er desentraliserte ut i undervisningsareala og utgjer i sum 147 m² fordelt på 9 rom. Storleiken på romma er frå 10 til 33 m². Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m² tilgjengeleg, er det rom for 24 lærararbeidsplassar. Arealet i kvart rom er ikkje slik at det går opp i 6, og ein gjennomgang av det einskilde rom viser at dersom kvar plass skal ha minimum 6 m² blir kapasiteten redusert til 20 kontorarbeidsplassar. Hausten 2018 var det 29 kontorplassar i desse romma.

Klasseromma er i hovudsak mellom 60 m² og 72 m² og med ei funksjonell utforming. Det er få grupperom og anna fellesareal tilgjengeleg. Samla er strukturen i skuleanlegget tilpassa og funksjonelt som ein to-parallel barneskule.

Skulen bør få eigna areal til kunst og handverk og naturfag. I dag er dette ein klar mangel ved anlegget.

Som idrettsareal disponerer Frakkagjerd barneskole Steinsvik Arena. Her det mogleg å undervise 4 klasser/grupper i kroppsøving på ein gong. Sysco Arena blir også nytta av ungdomsskulen, men det er tilstrekkeleg kapasitet for begge skulane i hallen.

Skulen si utforming med klasserom og grupperom, noko knappe elevgarderobar, få grupperom og lite fellesareal gjer at den ikkje kan bli vurdert ut frå det generelle læringsarealet aleine. Mangelen på spesialareal til kunst og handverk og naturfag tilseier at kapasiteten er lågare enn det ein finn i klasseromma. Samla blir kapasiteten til Frakkagjerd barneskole vurdert å vere **maksimalt 50 elevar pr. årssteg**, noko som samla sett gir **350 elevar**.

5.2.3 Framlegg til tiltak

Det er trond for å fleire grupperom, møterom og spesialisert læringsareal.


Norconsults framlegg til tiltak er å auke areaala til lærararbeidsplassar, spesialrom, grupperom og møterom. Med utgangspunkt i framlegg til arealprogram er det trond for å utvide skule med meir areal og funksjonar.

I tillegg bør kommunen vurdere å avvikle dei mellombels paviljongane og erstatte desse funksjonane i samband med tilbygget.

5.2.3.1 Tilstandsvurdering (Nordbø og Seglem AS) mai 2019

Det blei utført bygningsteknisk gjennomgang ved Frakkagjerd barneskole i mai 2019. Tilstandsvurdering av Frakkagjerd barneskule tilseier at det bør utbetrast for nær kr. 7 mill. for å halde bygget i god nok stand i eit 20-årig perspektiv. Tilrådinga inneberer å gjennomføra utbetringane så tidleg som mogleg.

5.2.4 Kapasitetsvurdering inkl. paviljong



Frakkagjerd barneskole vil ligge tett opp maksimal elevtalskapasitet i store deler av prognoseperioden. Delvis store årssteg kan gi fulle klasserom og skulen kan oppleve delingsproblematikk i nokske skuleår. Få grupperom, manglende spesialrom og lite tilgjengelege møterom, vil medføra auka press på desse funksjonane framover.

5.3 Frakkagjerd ungdomsskole

5.3.1 Om skulen



Frakkagjerd ungdomsskole er ein fire parallel ungdomsskule lokalisert ved barneskulen og idrettsanlegget på Asparhaug. Hausten 2018 hadde skulen ca. 340 elevar fordelt på 3 årssteg, og 43 tilsette.

5.3.2 Innhold

Frakkagjerd ungdomsskole		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	1 657 m ²	
Klasserom	848 m ²	14 rom
Grupperom	371 m ²	18 rom
Garderobar og toalett	102 m ²	14 rom
SFO	-	-
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	336 m ²	6 rom
Netto spesialisert læringsareal	1 081 m ²	
Mat og helse	125 m ²	2 rom
Musikk	157 m ²	5 rom
Naturfag	138 m ²	2 rom
Kunst og handverk	437 m ²	12 rom
Bibliotek	224 m ²	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	425 m ²	
Lærararb.pl.	130 m ²	
Kontor	83 m ²	
Forkontor	12 m ²	
Møterom	57 m ²	
Personalrom	105 m ²	
Personalgarderobar/WC	28 m ²	
Kopi og arkiv	10 m ²	
Anna personalareal	-	

Frakkagjerd ungdomsskole har eit **netto generelt læringsareal** på 1657 m². Dette tilseier ein kapasitet på **345 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 848 m^2 og fordeler seg på 14 klasserom som alle er mellom 59 m^2 og 70 m^2 . Når det vert lagt til grunn $2,5 \text{ m}^2$ pr. elev gir dette ein kapasitet på **340 elevar** ved maksimal utnytting av areala. Ved så nær som alle klasserom er det eit grupperom eller anna fellesareal som kan bli inkluderte i rommet ved hjelp av foldevegg, og dette opnar for ein fleksibel bruk av romma. Merk at plass til lærar og eventuelle møtblar som skap, hyller etc. kan gi redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen har god tilgang til grupperom og andre fellesareal/samlingsrom fordi tal på grupperom/klasserom er større enn 1:1. Erfaring seier at i enkelte tilfelle kan grupperom måtte nyttas av enkelte elevar eller grupper til spesialpedagogiske tiltak og difor er ikkje rommet tilgjengeleg for anna undervisning. Slik sett kan det vere ein styrke for skulen å ha mange grupperom. I

Sett kan det vere ein styrke i ei skule å ha mange grader er garderobetilhøva for elevane slik at det ikkje er mogleg å henge fram seg ytterklede utanfor klasseromma. Elevane tek difor med seg våte klede inn i undervisningsareala.

Spesialisert læringsareal utgjer 1081 m² fordelt på mat og helse, naturfag, kunst og handverk, musikk og bibliotek. Alle spesialromsfunksjonane er tilstrekkelege når det gjeld areal for elevtalet skulen samla sett har kapasitet til. Kroppsøvingssalen i bygget saman med idrettsanlegget er vurdert til å ha rikeleg kapasitet til gjennomføring av opplæringa i kroppsøving. Det er potensiale for å auke funksjonaliteten i nokre

spesialrom. Dette gjeld i særleg grad kunst- og handverkromma. I dag er arealet fordelt på 12 små og store rom med samla areal på 437 m².

Personal- og administrasjonsareal. Administrasjonen og lærararbeidsplassane er plassert i ei eiga sone av bygget. Her er det 3 cellekontor for leiinga, to cellekontor for rådgivarar og eitt for driftspersonell. Vidare er det òg lærararbeidsplassar, konferanserom, personalgarderober, personalrom, arkiv, kopirom og lager for rekvisita plassert her. Funksjonane utgjer ei skjerma sone.


Areal til lærararbeidsplassane utgjer i sum 130 m² fordelt på 2 rom. Storleiken på romma er 37 m² og 93 m². Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m² tilseier dette at skulen har rom for 21 lærararbeidsplassar. Hausten 2018 til saman 37 arbeidsplassar i desse to romma.

Skulen har ei tydeleg klasseromstruktur og det er difor naturleg å vurdere kapasiteten ut frå arealet og funksjonaliteten i klasseromma. Alle klasseromma har relativt likt areal, og med god tilgang til grupperom og anna felles areal er strukturen i skuleanlegget tilpassa og kan fungerer som ein ungdomsskule med 14 klassar. Tek ein, i samsvar med rettleiar til forskrift for Miljøretta helsevern, omsyn til at det må vere plass for lærar i klasseromma ,blir kapasiteten vurdert til å vere 26 elevar i dei minste romma. Samla har skulen slik ein kapasitet på 360 elevar fordelt på 14 klassar.

5.3.3 *Framlegg til tiltak*

Det er i fyrste omgang trøng for areal til fleire lærararbeidsplassar. Skulen har i dag eit stort bygningsvolum med uoversiktlege og ein lite lesbar struktur i den delen som knyt saman undervisningsfløyene. Mykje av dette arealet er vanskeleg å ta i bruk mellom anna på grunn av manglande dagslys. Norconsult vil tilrå at det blir gjort ein moglegheitsstudie av korleis dette byggvolumet kan nyttas i framtida eller om det skal erstattast.

5.3.4 Kapasitetsvurdering



Inneverande skuleår 2019/20 markerer at skulen går inn i ein langsiktig periode med kapasitetsutfordringar. Det er lite som tyder på at situasjonen vert betre framover – og med eit framtidig elevtal på opp mot 400 elevar gjev dette fulle klasserom og personalfunksjonar i anlegget. Spesialromma har samla sett betre kapasitet og funksjonalitet til å møte fleire elevar ved skulen.

Skulen har for mange elevar i tilgjengelege klasserom. Skulen vil mangle 3 klasserom på kort sikt.

5.4 Førland skule

5.4.1 Om skulen



Førland skule er ein 1-parallell barneskule lokalisert på Førland, like ved barnehagen og kunstgrasbanen. Hausten 2018 hadde skulen om lag 75 elevar fordelt på 7 årssteg, og 15 tilsette.

5.4.2 Innhold

Førland skule		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	624 m ²	
Klasserom	402 m ²	7 rom
Grupperom	94 m ²	6 rom
Garderob og toalett	41 m ²	9 rom
SFO	87 m ²	2 rom
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	260 m ²	
Mat og helse	62 m ²	2 rom
Musikk	-	-
Naturfag	35 m ²	2 rom
Kunst og handverk	65 m ²	2 rom
Bibliotek	98 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	185 m ²	
Lærararb.pl.	54 m ²	
Kontor	45 m ²	
Forkontor	-	
Møterom	12 m ²	
Personalrom	46 m ²	
Personalgarderob/WC	13 m ²	
Kopi og arkiv	15 m ²	
Anna personalareal	-	

Førland skule har eit **netto generelt læringsareal** på 624 m². Dette tilseier ein kapasitet på **130 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 402 m² og fordeler seg på 7 klasserom. Når ein legg til grunn 2 – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **160 - 200 elevar** ved maksimal utnytting av areala. Fem av klasseromma er mellom 45 m² og 55 m², og dei to største er 64 m² og 77 m². I vurderinga er det ikkje teke omsyn til at plass for lærar og eventuelle møbler som skap, hyller etc. kan gi redusert kapasitet/funksjonalitet.

Forholdstalet mellom grupperom ved skulen og andre fellesareal, og klasserom er større enn 1:1. Dette gjer at det er mogleg for skulen å handtere situasjonar kor nokre elevar treng «einerett» til grupperom.

SFO disponerer hausten 2018 eit stort rom skal delast med hjelp av ein foldevegg. Areala er godt tilpassa SFO si aktivitet.

Spesialisert læringsareal utgjer 260 m² fordelt på rom for mat og helse, naturfag, kunst og handverk og bibliotek. Dei spesialiserte funksjonane er fordelt på tre etasjar, og er alle godt tilpassa skulen sine behov. Til samling av alle elevane kan skulen gjere seg nytte av kroppsøvingssalen og scena der. Samla har skulen dei spesialiserte romma han treng.

Personal- og administrasjonsareal. Administrasjonen er sentralt plassert ved skulens hovudinngang. Her finn ein forkontor, kontor for administrasjonen, lærararbeidsplassar, pauserom og andre personalfunksjonar.

Her disponerer skulen si leiing eitt cellekontor, eitt møterom, personalrom og to lærararbeidsplassar. I tillegg er arkiv, kopifunksjon, lager for rekvisita og personalgarderobar. Funksjonane utgjer ei skjerma sone.

Dei to lærararbeidsromma utgjer i sum 54 m². Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m² tilgjengeleg er det rom for 9 lærararbeidsplassar. Hausten 2018 var det 11 kontorplassar i desse romma.

Klasseromma er i all hovudsak mellom 45 m² og 55 m² og med ei funksjonell utforming. Det er tilstrekkeleg med grupperom og anna fellesareal tilgjengeleg. Samla er strukturen i skuleanlegget tilpassa og funksjonell som ein barneskule.

Som idrettsareal disponerer Førland skule si eigen kroppsøvingssal og ein kunstgrasbane til disposisjon. Her er det mogleg å undervise dei klassane/gruppene som skulen har kapasitet til.

Skulen si utforming med klasserom, grupperom og god tilgang til spesialrom gjer at den kan vurderast ut frå kapasiteten i klasseromma. Samla blir kapasiteten til Førland skule vurdert å vere **maksimalt 25 elevar pr. årssteg**, noko som samla gir **175 elevar**.

5.4.3 Framlegg til tiltak


Deler av skuleanlegget er sliten og gammalt. Norconsult vurderer at det er trong for omfattande utbetringar om anlegget skal nyttast til skuleføremål i dei neste 20 – 30 åra.

Uteområdet er funksjonelt og kvalitativt godt. Det er tydeleg skilje mellom areal for mjuke og harde trafikantar. Elevane har tilgang til varierte leike- og oppholdsareal.

5.4.3.1 Tilstandsvurdering (Nordbø og Seglem AS) mai 2019

Tilstandsvurderinga tilseier ei utbetring på kr. 15, 2 mill. (før marginar og reservar).

5.4.4 Kapasitetsvurdering



Det er mykje ledig skolekapasitet ved Førland skole – og skulen kan ta imot dobbelt så mange elevar. Prognosene tilseier stabil elevtalsutvikling framover, med om lag 60-70 elevar innover prognoseperioden. Med tanke på at Norconsult-prognosene er ein optimistisk prognose, kan elevtalet kome under 60 elevar ved skulen.

5.5 Førre skule

5.5.1 Om skulen



Førre skule er ein to-parallel barneskule lokalisert i Stakkestadvegen på Førre. Hausten 2018 hadde skulen ca. 280 elevar fordelt på 7 årssteg, og om lag 60 tilsette.

5.5.2 Innhold

Førre skole		Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	1 667 m ²		
Klasserom	818 m ²	14 rom	
Grupperom	486 m ²	17 rom	
Garderobar og toalett	81 m ²	18 rom	
SFO	79 m ²	2 rom	
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	203 m ²	2 rom	
Netto spesialisert læringsareal	497 m ²		
Mat og helse	84 m ²	1 rom	
Musikk	89 m ²	1 rom	
Naturfag	-	-	
Kunst og handverk	161 m ²	4 rom	
Bibliotek	163 m ²	1 rom	
Andre spesialareal	-	-	
Nettoareal personalavdeling	364 m ²		
Lærararb.pl.	127 m ²		
Kontor	54 m ²		
Forkontor	20 m ²		
Møterom	48 m ²		
Personalrom	73 m ²		
Personalgarderobar/WC	30 m ²		
Kopi og arkiv	12 m ²		
Anna personalareal	-		

Førre skule har eit **netto generelt læringsareal** på 1667 m². Dette tilseier ein kapasitet på **345 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma (rom over 50 m²) er 818 m² og fordeler seg på 14 klasserom. Når ein legg til grunn 2 – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **330 – 410 elevar** ved maksimal utnytting av areala. 14 av klasseromma er større enn 50 m². I vurderinga er det ikkje teke omsyn til at plass for lærar og eventuelle møblar som skap, hyller etc. kan gje redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen har mange grupperom og andre fellesareal/samlingsrom til disposisjon fordi forholdet mellom tal på grupperom og klasserom er lågare enn 1:1. Seks av romma som er rekna som grupperom er over 40 m² og kan difor fungere som klasserom for små grupper. Ein skule har nokre år trong for grupperom til spesialundervisning. For å kunne handtere slike situasjonar bør det vere meir enn eitt grupperom tilgjengeleg pr. klasserom.

SFO disponerer hausten 2018 eit hovudrom og eit lite kjøken for verksemda si. Tilhøva for SFO er tilfredsstillande.

Spesialisert læringsareal utgjer 497 m² fordelt på musikkrom, bibliotek, Mat og helse og kunst og handverk. Biblioteket er stort, har direkte tilgang til eit grupperom, og ligg sentralt plassert i skuleanlegget. Musikkrommet, rom for arbeid med mjuke materialar og skulekjøkenet ligg samla og er sentralt plassert i anlegget. Rom for arbeide med harde materialar er i skulen underetasje. Alle dei nemnde funksjonane varetak skulens behov. Skulen har ikkje eigne areal for undervisning i naturfag, difor må dette gå føre seg i dei generelle areaala.

Personal- og administrasjonsareal. I skulebygget er personalareaala samla i andre etasje av den sørlege fløya. Her er forkontor, kontor for leiinga, lærararbeidsplassar, pauserom og andre personalfunksjonar

plassert. Her disponerer skulen tre cellekontor, to møterom, kopi og arkiv, personalrom, garderober og fem lærararbeidskontor. Funksjonane utgjer ei skjerma sone.

Arealet i lærararbeidskontorene utgjer i sum 127 m^2 og er fordelt på 5 rom. Storleiken på romma er frå 21 til 31 m^2 . Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m^2 tilgjengeleg er det rom for 21 lærararbeidsplassar. Arealet i kvart rom er ikkje slik at det går opp i 6, og ein gjennomgang av kvart rom viser at dersom kvar plass skal ha minimum 6 m^2 blir kapasiteten redusert til 16 kontorarbeidsplassar. Hausten 2018 var det 36 kontorpllassar i desse romma.

Førre skule har 14 rom som er av ein slik storleik at dei her blir rekna som klasserom, som vil seie over 50 m^2 . Rom som er under denne storleiken er i denne samanhengen å rekne for store grupperom. Dei 14 klasseromma er i mellom 53 m^2 og 63 m^2 . Utforminga på nokre av romma er slik at ein må samla elevane langs langsida av rommet, noko som gjer det utfordrande for læraren å sjå alle elevane på ein gong. Skulen har mange grupperom og anna areal tilgjengeleg ved gruppedeling av klassane, eller når romma må nyttas til spesialpedagogiske tiltak. Samla er skuleanlegget tilpassa ein to-parallell barneskule, men dei interne avstandane blir opplevd som lange. Vidare har klasserom og grupperom ei innbyrdes plassering som er lite funksjonell og gjev ei oppleveling av at det stadvis er tront i bygget. Samanhengen mellom areala for kunst og handverk, musikk og fellesareal kunne vore betre. Skulen bør få eige areal til naturfag.

Til undervisning i kroppsøving har Førre skule ein tradisjonell kroppsøvingssal til disposisjon. Salen har kapasitet til å gjennomføre undervisning for 14 klassar.

Skulen si utforming med klasserom og grupperom gjer at han kan bli vurdert ut frå kapasiteten i dei 14 klasseromma. Samla blir kapasiteten til Førre skule vurdert til **maksimal 52 elevar pr. årssteg**, noko som samla gir om lag **370 elevar**.

5.5.3 *Framlegg til tiltak*


Skulen er hausten 2018 ikkje godkjend etter forskrift om Miljøretta helsevern, men det er opplyst at dette vil bli gjort etter at ventilasjonen i deler av bygget blir oppgradert. For å bøte på manglande areal til lærararbeidspllassar kan skulen ta i bruk nokre av dei store grupperomma.

Norconsult sitt hovudinntrykk av Førre skule er at funksjonane er organiserte/plasserte slik at den daglege skuledrifta ikkje klarer å gjere seg nytte av det tilgjengelege arealet. Hovudgrunnen til dette er dei lange kommunikasjonslinene mellom funksjonar som burde hatt nærleik. Dersom det skal gjerast noko med skuleanlegget, må det truleg gjerast store endringar i bygningsmassen.

5.5.3.1 Skisseprosjekt mars 2017 (Nordbø og Seglem)

Det vart utarbeidd eige skisseprosjekt for Førre skule i mars 2017. Estimert rehabiliteringsbehov vart sett til kr. 50 mill. (før marginar og reservar).

5.5.4 Kapasitetsvurdering



Førre skule får eit elevtal som ligg tett opp til skulen sin vurderte normalkapasitet (80-90% av maksimal teoretisk kapasitet). Dette gjev eit godt samsvar mellom bygt kapasitet og elevtalsutviklinga. Skulen får i einskilde år nokre årssteg som utfordrar klasseromskapasiteten.

5.6 Grinde skole

5.6.1 Om skulen



Grinde skule er ein to-parallel barneskule lokalisert på Grinde. Skuletomta er avgrensa av Grindavegen (E39) og Skjoldastrumsvegen (Fv515). Skuleanlegget består av eitt hovudbygg, tre frittståande paviljongar og leigd areal i idrettshall. Hausten 2018 hadde skulen ca. 230 elevar fordelt på 7 årssteg, og om lag 30 tilsette.

5.6.2 Innhold

Grinde skule		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	1 536 m ²	
Klasserom	795 m ²	14 rom
Grupperom	96 m ²	9 rom
Garderobar og toalett	253 m ²	26 rom
SFO	160 m ²	5 rom
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	232 m ²	6 rom
Netto spesialisert læringsareal	360 m ²	
Mat og helse	86 m ²	3 rom
Musikk	89 m ²	4 rom
Naturfag	-	-
Kunst og handverk	133 m ²	7 rom
Bibliotek	52 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	299 m ²	
Lærararb.pl.	107 m ²	
Kontor	48 m ²	
Forkontor	20 m ²	
Møterom	31 m ²	
Personalrom	69 m ²	
Personalgarderobar/WC	20 m ²	
Kopi og arkiv	4 m ²	
Anna personalareal	-	

Grinde skule har eit **netto generelt læringsareal** på 1536 m². Dette tilseier ein kapasitet på **320 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 795 m² og fordeler seg på 14 klasserom. Når ein legg til grunn 2 m² – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **320 – 400 elevar** ved maksimal utnytting av areala. 3 av klasseromma er under 50 m², og eitt er nær 110 m². I vurderinga er det ikkje teke omsyn til at plass for lærar og eventuelle møblar som skap, hyller etc. kan gje redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen har få grupperom, men saman med andre fellesareal/samlingsrom blir forholdet mellom grupperom/fellesareal og klasserom over 1:1. Ein skule har år om anna trong for dedikerte grupperom til spesialundervisning. For å kunne handtere slike situasjonar bør det vere meir enn eitt grupperom tilgjengeleg pr. klasserom.

SFO disponerer hausten 2018 eit hovudrom og ein hems med grupperom og leikeareal. Tilhøva for SFO er tilfredsstillande.

Spesialisert læringsareal utgjer 360 m², fordelt på musikkrom, bibliotek, skulekjøken og kunst og handverk. Biblioteket er plassert i ein av paviljongane og er av den grunn noko redusert tilgjengeleg for dei som ikkje har tilhald i paviljongen. Sjølvé bibliotekrommet tilfredsstiller skulen sitt behov. Musikkrommet med lagerrom ligg vegg i vegg med skulen sitt amfi, og er godt eigna for dei aktivitetane elevane skal utføre i faget. I hovudbygget sin underetasje er skulen si avdeling for kunst og handverk. Her er rom for arbeid med både mjuke og harde materialar. Avdelinga er godt eigna for opplæring. Skulen sin Mat og helse funksjon ligg i andre etasje av hovudbygget og er tilrettelagt for 16 elevar.

Alle dei nemnde funksjonane møter skulen sitt behov. Skulen har ikkje eigne areal for undervisning i naturfag, og denne undervisninga må ein finne rom for i dei generelle areala.

Personal- og administrasjonsareal. I skulebygget er personalarealet samlet i første og andre etasje av hovedbygget. Her er forkontor, kontor for leding, lærararbeidslassar, pauserom og andre personalfunksjonar plassert. Her disponerer skulen fire cellekontor, to møterom, kopi og arkiv, personalrom, garderobar og fem lærararbeidskontor. Kjøkenet i pauserommet er lite og trøngt. Funksjonane utgjer ei skjerma sone.

Arealet i lærararbeidskontorene utgjer i sum 107 m^2 og er fordelt på 5 rom. Storleiken på romma er fra 15 til 24 m^2 . Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidslass skal ha 6 m^2 tilgjengeleg er det rom for 17 lærararbeidslassar. Arealet i kvart rom er ikkje slik at det går opp i 6, og ein gjennomgang av kvart rom viser at dersom kvar plass skal ha minimum 6 m^2 blir kapasiteten redusert til 15 kontorarbeidslassar. Hausten 2018 var det 23 kontorplassar i desse romma.

Grinde skule har 11 rom som er av ein slik storleik at dei her vert rekna som klasserom, som vil seie over 50 m^2 . Rom som er under denne storleiken er i denne samanhengen å rekne for store grupperom. Dei 11 klasseromma er i mellom 50 m^2 og 109 m^2 . Skulen har grupperom og anna areal tilgjengeleg ved gruppedeling av klassane, eller når romma må nyttas til spesialpedagogiske tiltak. Samla er skuleanlegget tilpassa ein to-parallel barneskule med små klassar. I paviljongane er det òg lite fellesareal, trafikkareal og anna støtteareal. Organiseringa med fleire paviljongar, spesialiserte funksjonar fordelt rundt i paviljongane og svært effektiv arealbruk i paviljongane gjer at anlegget opplevast som lite framtidssettet. Skulen bør få eige areal til naturfag.

Til undervisning i kroppsøving nyttar Grinde skule Skjoldhallen. Funksjonane der dekker skulen sitt behov.

Skulen si utforming med ein variasjon mellom tradisjonelle klasserom og grupperom, og ein baseorganisering i hovedbygget gjer at kapasiteten blir målt i kombinasjon av netto generelt læringsareal og etter storleiken på klasseromma. Samla vert kapasiteten til Grinde skule vurdert å vere **330 elevar**, fordelt på 14 klassar med mellom 20 og 26 elevar.

5.6.3 Framlegg til tiltak


I nyare skuleanlegg er det en føresetnad at elevar og tilsette kan gå tørrskodd mellom funksjonane. Å drive ei pedagogisk verksemeld i fem frittståande bygningar gir utfordrande rammevilkår for å skapa felles kultur og samarbeid. Brorparten av bygningsmassen er bygt over ein etasje. Dette gjev eit stort fotavtrykk på tomta, noko som igjen reduserer elevane sitt tilgjengelege uteareal.

Dersom elevtalet blir lågare enn 330 elevar i prognoseperioden, er det ikkje trøng for ut- og ombyggingstiltak utover etterslepet i vedlikehald som er utgreia i tilstandsvurderinga under. Om elevtalet aukar til over vurdert kapasitet, bør det vurderast om heile skuleanlegget skal erstattast med nybygg, enten på ny eller eksisterande tomt.

5.6.3.1 Tilstandsvurdering (Nordbø og Seglem AS) mai 2018

Det er lagt til grunn oppgraderingar av eksisterande skuleanlegg for kr. 13,8 mill. før marginar og reservar.

5.6.4 Kapasitetsvurdering



Grinde skule vil ha god kapasitet i eksisterande bygningsmasse til å handtere elevtalet i heile prognoseperioden. Norconsult vurderer at skulen har ein teoretisk maksimumskapasitet på 330 elevar.

Skuledrift i fem frittståande bygningar gir truleg utfordringar i den daglege drifta. Med kapasitet i ein hovudstruktur med 14 klasserom, vil trinna si storleik ikkje utfordre klasseromskapasiteten.

5.7 Nedstrand barne- og ungdomsskule

5.7.1 Om skulen



Nedstrand barne- og ungdomsskule ein ein-parallel skule lokalisert på Hindarå. Hausten 2018 hadde skulen ca. 130 elevar fordelt på 10 årssteg, og om lag 25 tilsette.

5.7.2 Innhold

Nedstrand		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	1 078 m ²	
Klasserom	582 m ²	11 rom
Grupperom	85 m ²	5 rom
Garderobar og toalett	126 m ²	14 rom
SFO	-	-
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	285 m ²	3 rom
Netto spesialisert læringsareal	308 m ²	
Mat og helse	78 m ²	1 rom
Musikk	79 m ²	2 rom
Naturfag	66 m ²	5 rom
Kunst og handverk	85 m ²	2 rom
Bibliotek	-	-
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	255 m ²	
Lærararb.pl.	84 m ²	
Kontor	32 m ²	
Forkontor	25 m ²	
Møterom	14 m ²	
Personalrom	51 m ²	
Personalgarderobar/WC	25 m ²	
Kopi og arkiv	24 m ²	
Anna personalareal	-	

Nedstrand skule har eit **netto generelt læringsareal** på 1078 m². Dette tilseier ein kapasitet på **270 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 582 m² og fordeler seg på 11 klasserom. Når ein legg til grunn 2 m² – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **230 – 290 elevar** ved maksimal utnytting av arealet. 7 av klasseromma er større enn 50 m². I vurderinga er det ikkje teke omsyn til at plass for lærar og eventuelle møblar som skap, hyller etc. kan gje redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen har åtte grupperom og fellesareal som er plassert lett tilgjengeleg frå klasseromma. Ein skule har år om anna trong for dedikerte grupperom til spesialundervisning. For å kunne handtere slike situasjonar bør det vere meir enn eitt grupperom tilgjengeleg pr. klasserom. I og med at forholdet mellom tal på grupperom og klasserom er lågare enn 1:1 er skulen mindre rusta for å ta i mot slike utfordringar.

SFO nyttar skulekjøkenet, fellesareal og klasseromma til sine aktivitetar. Dette opplevast som tilfredsstillande.

Spesialisert læringsareal utgjer 308 m² fordelt på musikkrom, naturfag, mat og helse og kunst og handverk. Arealet i for skal erstattast av eit tilsvarande nytt areal. Alle dei nemnde funksjonane varetak skulen sitt behov. I tillegg er det eit kominasjonsbibliotek integrert i skuleanlegget som skulen gir seg bruk av.

Personal- og administrasjonsareal. I skulebygget er personalarealet samla nær hovudinngangen. Her er forkontor, kontor for leiinga, lærararbeidsplassar, pauserom og andre personalfunksjonar plassert. Her disponerer skulen to cellekontor, eitt møterom, kopi og arkiv, personalrom, garderobar og to

lærararbeidskontor. Funksjonane utgjer ei skjerma sone. I tillegg kjem to lærararbeidskontor som er plassert nærmere klasseromma.

Arealet i lærararbeidskontorene utgjer i sum 84 m^2 og er fordelt på 4 rom. Romma er alle om lag 20 m^2 . Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m^2 tilgjengeleg er det rom for 14 lærararbeidsplassar. Hausten 2018 var det 20 kontorplassar i desse romma.

Nedstrand skule har 11 rom vert nytta som klasserom, og romma er i mellom 40 m^2 og 66 m^2 . Romma har alle ei utforming som gjer dei eigna som klasserom. Sju av klasseromma er samla ved eit fellesareal kor det er grupperom tilgjengeleg. Tre klasserom for ungdomsstegene er samla i ein egen del av bygget. Her er det eitt grupperom og eitt fellesareal til disposisjon.

Samla sett er skuleanlegget godt tilpassa dei behova ein ein-parallel kombinert barne- og ungdomsskule har.

Til undervisning i kroppsøving har skulen ein tradisjonell gymnastikksal til disposisjon. Salen har kapasitet til å gjennomføre undervisning for dei 10 klassane.

Skulen si utforming med klasserom og grupperom gjer at den kan bli vurdert ut frå kapasiteten i klasseromma. Samla blir kapasiteten til Nedstrand skule vurdert å vere **maksimalt 75 elevar på ungdomsstegene** (rom 1166, 1167 og 1168) og **maksimalt 165 på barnesteget**, noko som samla gir **240 elevar**. Elevgruppene på barnesteget må, avhengig av storleiken på rommet, vere mellom 18 og 28 elevar.

5.7.3 **Framlegg til tiltak**


Skulen kan auke arealet i nokre av klasseromma ved at delar av gangarealet blir bygd inn i klasseromma. Amfiet i fellesarealet kan få ei meir arealeffektiv og funksjonell utforming.

I tillegg har leiinga ved skulen eigne framlegg til tiltak for å auke funksjonaliteten ved skulen.

5.7.3.1 Tilstandsvurdering (Nordbø og Seglem AS) mai 2019

Bygningen bærer preg av godt vedlikehald og det er berre trond for mindre utbetringar skuleanlegget.

5.7.4 Kapasitetsvurdering



Skulen vil ha mykje ledig skulekapasitet i heile prognoseperioden. Med ei elevtal på under 100 elevar på lang sikt, vil det vere låg utnytting av kapasiteten i anlegget.

Skulen har gode funksjonelle og oversiktlege fysiske læringsmiljø og kan ta imot langt fleire elevar på alle årssteg.

5.8 Straumen skule

5.8.1 Om skulen



Straumen skule er ein 1-parallel barneskule lokalisert i Haugen ved Skjoldstraumen. Hausten 2018 hadde skulen ca. 90 elevar fordelt på 7 årssteg, og om lag 15 tilsette.

5.8.2 Innhold

Straumen skule		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	592 m ²	
Klasserom	451 m ²	7 rom
Grupperom	99 m ²	6 rom
Garderobar og toalett	42 m ²	8 rom
SFO	-	-
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	159 m ²	
Mat og helse	42 m ²	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og handverk	60 m ²	1 rom
Bibliotek	57 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	147 m ²	
Lærararb.pl.	61 m ²	
Kontor	36 m ²	
Forkontor	-	
Møterom	-	
Personalrom	32 m ²	
Personalgarderobar/WC	7 m ²	
Kopi og arkiv	11 m ²	
Anna personalareal	-	

Straume skule har eit **netto generelt læringsareal** på 592 m². Dette tilseier ein kapasitet på **120 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 451 m² og fordeler seg på 7 klasserom. Når ein legg til grunn 2 m² – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **180 – 225 elevar** ved maksimal utnytting av areala. 6 av klasseromma er større enn 50 m². I vurderinga er det ikkje teke omsyn til at plass for lærar og eventuelle møblar som skap, hyller etc. kan gje redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen sine grupperom er lite føremålstenleg plassert i høve klasseromma. Nokre er plassert med inngang frå klasserommet, medan andre er plassert borte frå klasseromma. Skulen har ingen andre fellesareal som er eigna for undervisning. Ein skule har år om anna trong for grupperom til spesialundervisning. For å kunne handtere slike situasjonar bør det vere meir enn eitt grupperom tilgjengeleg pr. klasserom. Forholdet mellom tal på grupperom og klasserom er lågare enn 1:1.

SFO disponerer hausten 2018 ingen eigne rom, men har sambruk med undervisningsareala i skulen. SFO ville hatt betre kår om dei disponerte noko eige areal.

Spesialisert læringsareal utgjer 159 m² fordelt på bibliotek, skulekjøken og kunst og handverk. Biblioteket er eigna som skulebibliotek og kan nyttast som støtteareal i undervisingen. Arealet for kunst og handverk er utrusta for arbeid med harde materialar. Anna opplæring i faget må gjennomførast i klasseromma. Mat og helse er plassert ved gymnastikksalen og har plass til 16 elevar. Kjøkenet har dei støttefunksjonane som er naudsynt for å gjennomføre opplæringa i faget. Ved behov kan rommet også vere støtteareal for anna undervisning. Alle dei nemnde funksjonane varetak skulen sitt behov. Skulen har ikkje eigne areal for undervisning i naturfag eller musikk og difor må dette gå føre seg i dei generelle areala.

Personal- og administrasjonsareal. I skulebygget er personalareala samla i andre etasje. Her er kontor for rektor, fire arbeidsrom for lærarar, pauserom, kopi og garderobar. Funksjonane utgjer ikkje ei skjerma sone da tilkomst til grupperom og bibliotek er her.

Arealet i lærararbeidskontorane utgjer i sum 61 m^2 og er fordelt på fire rom. Storleiken på romma er frå 12 m^2 til 20 m^2 . Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m^2 tilgjengeleg er det rom for 10 lærararbeidsplassar. Men arealet i kvart rom er ikkje slik at det går opp i 6, og ein gjennomgang av det einskilde rom viser at dersom kvar plass skal ha minimum 6 m^2 blir kapasiteten redusert til 9 kontorarbeidsplassar. Hausten 2018 var det 22 kontorplassar i desse romma.

Straumen skule har 7 rom klasserom, kor 6 har eit areal over 60 m^2 og eitt som er under 50 m^2 . Romma blir opplevde som romslege og med god takhøgd. Tal på grupperom/klasserom er nær 1:1, men plasseringa er slik at klassane ikkje kan gjere seg nytte av dei utan at elevane har følgje med ein lærar. Samla er skuleanlegget tilpassa ein ein-parallelle barneskule, sjølv om klasserom og grupperom har ei innbyrdes plassering som kunne vore meir funksjonell.

Skulen har ved synfaringstidspunktet gode spesialrom for arbeid med harde materialar (kunst og handverk), skulekjøken og kroppsøving. Vidare har skulen eit funksjonelt bibliotek. Det er ikkje eige areal for naturfag og musikk, noko skulen gjerne kunne hatt.

Skulens utforming med klasserom og grupperom gjer at den kan verte vurdert ut frå kapasiteten i klasseromma. Samla blir kapasiteten ved Straumen skule til å vere **maksimalt 175 elevar** fordelt på ein klasse med 19 elevar, tre klassar med 24 elevar og tre klasser med 28 elevar.


5.8.3 *Framlegg til tiltak*

Ut- og ombygging for å sikre meir areal til lærararbeidsplassar, spesialrom, SFO og flytting av administrasjonen til fyrste etasje.

5.8.3.1 Tilstandsvurdering (Nordbø og Seglem AS) mai 2019

Det er estimert utbetringstiltak for kr. 15,9 mill. før marginar og reservar i Straumen skule.

5.8.4 Kapasitetsvurdering



Det vil vere mykje ledig skulekapasitet ved Straumen skule i heile perioden. Med eit elevtal godt under 100 elevar og ned mot 60 elevar på lang sikt, vil dei fysiske tilhøva i skulen vere romslege.

5.9 Tysværåg barne- og ungdomsskule

5.9.1 Om skulen



Tysværåg barne- og ungdomsskule er ein ein-parallell skule lokalisert i Tysvær. Hausten 2018 hadde skulen ca. 260 elevar fordelt på 10 årssteg, og om lag 35 tilsette.

5.9.2 Innhold

Tysværåg		
	Areal	Antall rom
Netto generelt læringsareal	1 440 m ²	
Klasserom	1 052 m ²	19 rom
Grupperom	134 m ²	8 rom
Garderobar og toalett	155 m ²	33 rom
SFO	81 m ²	3 rom
Andre generelle areal (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	18 m ²	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	803 m ²	
Mat og helse	80 m ²	1 rom
Musikk	162 m ²	5 rom
Naturfag	82 m ²	1 rom
Kunst og handverk	276 m ²	9 rom
Bibliotek	203 m ²	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	425 m ²	
Lærararb.pl.	161 m ²	
Kontor	94 m ²	
Forkontor	30 m ²	
Møterom	-	
Personalrom	106 m ²	
Personalgarderobar/WC	23 m ²	
Kopi og arkiv	11 m ²	
Anna personalareal	-	

Tysværåg skule har eit **netto generelt læringsareal** på 1440 m². Dette tilseier ein kapasitet på **300 elevar** målt mot framlegg til arealnorm som legg opp til 4,8 m² pr. elev i generelt læringsareal.

Kapasitet målt ut frå areal i klasserom. Det samla arealet i klasseromma er 1052 m² og fordeler seg på 19 klasserom. Når ein legg til grunn 2 m² – 2,5 m² pr. elev blir kapasiteten mellom **420 – 525 elevar** ved maksimal utnytting av arealet. 4 av klasseromma er under enn 50 m², 9 er mellom 50 m² og 60 m², og 6 er over 60 m². I vurderinga er det ikkje teke omsyn til at plass for lærarar og eventuelle møblar som skap, hyller etc. kan gje redusert kapasitet/funksjonalitet.

Skulen har åtte grupperom som er plassert tilgjengeleg frå klasseromma. Ein skule har år om anna trong for dedikerte grupperom til spesialundervisning. For å kunne handtere slike situasjonar bør det vere meir enn eitt grupperom tilgjengeleg pr. klasserom. I og med at forholdet mellom tal på grupperom og klasserom er lågare enn 1:1 vert den ordinære opplæringa råka dersom skulen får mange spesialpedagogiske utfordringar.

SFO har tre rom til disposisjon for sine aktivitetar. I tillegg kan SFO gjere seg nytte av skulens bibliotek og andre areal. Dette blir opplevd som tilfredsstillande.

Spesialisert læringsareal utgjer 803 m² fordelt på bibliotek, musikkrom, naturfag, skulekjøken og kunst og handverk. Alle dei nemnde funksjonane varetok skulen sitt behov.

Personal- og administrasjonsareal. I skulebygget er personalareaala samla i andre etasje. Her er forkontor, kontor for leiinga, lærararbeidsplassar, pauserom og andre personalfunksjonar plassert. Skulen disponerer fem cellekontor, eitt møterom, kopi og arkiv, personalrom, garderobar og fem lærararbeidskontor.

Funksjonane utgjer ei skjerma sone. I tillegg kjem eitt kontor som er plassert i fyrste etasje og som vert nytta av skulehelsetenesta.

Arealet i lærararbeidskontorane utgjer i sum 161 m² og er fordelt på 5 rom. Romma er mellom 20 m² og 74 m². Legg ein til grunn at kvar kontorarbeidsplass skal ha 6 m² tilgjengeleg er det rom for 26 lærararbeidsplassar. Hausten 2018 var det 31 kontorplassar i desse romma.

Tysværåg skule har 19 rom nyttast som klasserom, og romma er i mellom 35 m² og 69 m². Romma har alle ei utforming som gjer dei eigna som klasserom. 10 av klasseromma er samla ved skulen bibliotek kor det òg er grupperom tilgjengeleg. Seks klasserom for ungdomsseget er samla i ein eigen del av bygget, to av dei minste er i eit eige bygg mellom hovudbygget og ungdomsskulebygget. I tillegg er det eit klasserom ved SFO sine areal.

Ved å leggje til grunn dei 16 største klasseromma, er skuleanlegget godt tilpassa ein og ei halv parallellel på barnesteget og to parallellear på ungdomsseget.

Skuleanlegget har alle naudsynte spesialrom, men rektor ved skulen seier at kapasiteten i gymnastikksalen ikkje er tilstrekkeleg for klassetalet i dag. Dei andre spesialromma har naudsynt kapasitet og funksjonalitet.

Skulen si utforming med klasserom, grupperom og fellesareal gjer at han kan bli vurdert ut frå kapasiteten i dei største klasseromma. Samla blir kapasiteten til Tysværåg skule vurdert til **maksimal 50 elevar på kvart årsssteg på ungdomsseget og 10 klasser med 25 elevar på barnesteget**, noko som samla gir **400 elevar**.


5.9.3 *Framlegg til tiltak*

Skuleanlegget har trong for noko oppussing. Einskilde funksjonar har vore pressa på areal når elevtalet ligg opp mot 250 elevar og over. Med synkande elevtal i prognoseperioden, vil presset på einskilde funksjonar betre seg. Investeringsbehovet ved skulen er vurdert i eit 20-årig perspektiv.

5.9.3.1 Tilstandsvurdering (Nordbø og Seglem AS) mai 2019

Vedlikehaldsetterslepet ved skulen tilseier utbetringar for kr. 23,5 mill.

5.9.4 Kapasitetsvurdering



Tysværvåg barne- og ungdomsskule får mykje ledig skulekapasitet som følgje av stor elevtalsnedgang. Det er til dømes plass til alle elevane ved naboskulen (Førland) i dette skuleanlegget.

På lang sikt vil Tysværvåg barne- og ungdomsskule ha eit elevtal som ligg under halvparten av skulen sin vurderte kapasitet.

6 Seks vurderte strukturval

Investeringskalkylane i dette kapitelet byggjer på eit behov i eit langsiktig perspektiv (15-20 år) .Dette kan gi kommunen eit grunnlag til å innpassa og prioritere skuleutbygging i kommande økonomiplanar og framtidige investeringsprogram.

Alle tiltak er vurdert samla for dei strukturvala som er presenterte i planen.

6.1 Hovudintrykk av grunnskulen i Tysvær kommune

- Ei desentralisert grunnskuleteneste kor grunnskulane ligg tett i sentrum, men lokaliseringane utafor sentrumsområda blir opplevde som funksjonelle. Skulekrinsane er i hovudsak tilpassa dei geografiske områda dei skal betene, med akseptable skule- og reisevegar for elevane.
- Det er vanskeleg å fordele elevane til skular med ledig kapasitet. Det er relativt få elevar som er busette i grenseområda mellom skulane i distrikta. Mellom Førre og Frakkagjerd går krinsgrensene gjennom bustadområda.
- Stor elevtalsnedgang i skolekretsane i spredtbygde strok og stabil og positiv elevtalsutvikling på skulane i sentrum / tettbygde strok.
 - Straumen skule blir ein få-delt skule også i framtida – Førland skule får og eit elevtalsgrunnlag som tilseier færre enn 7 klassar.
 - Tysværåg barne- og ungdomsskule får ein elevtalsnedgang på over 100 elevar i perioden – noko som på lang sikt inneber ein klasse pr. årssteg (1 parallel skule).
 - Nedstrand barne- og ungdomsskule får ein mindre elevtalsnedgang - og fleire årssteg blir under 10 elevar.
 - Førland skule får stabil elevtalsutvikling med 60-80 elevar i prognoseperioden – og blir ein liten barneskule i heile prognoseperioden.
 - Grinde skule får ei stabil elevtalsutvikling med 230 – 250 elevar i perioden
 - Førre skule får ei stabil elevtalsutvikling og vil ligge mellom 250 – 280 elevar i perioden.
 - Frakkagjerd barneskule får ein liten elevtalsvekst og har eit potensial til å bli over 300 elevar på lang sikt, avhengig av om dei optimistiske prognoseføresetnadene blir verkelege.
 - Frakkagjerd ungdomsskule er skulen som kan få den største elevtalsveksten i kommunen – og kan bli over 400 elevar samla med rundt 140 elevar på nokre årssteg (5 parallel ungdomsskule/U450).
- Stor elevtalsnedgang i skolekretsane i distrikta tilseier at kommunen bør vurdere situasjonen på lang sikt – og strukturelle endringar bør vurderast når grunnskular får eit elevtalgrunnlag under 10 elevar pr. årssteg. Dette gjeld Straumen skule, Førland skule og Nedstrand barne- og ungdomsskule.
- Mange ulike skuletypar og skulestorleikar kan indikere at det er forskjellar mellom skulane og kva for tilbod dei gjev til elevane.
 - 2 kombinerte barne- og ungdomsskular 1-10
 - 5 barneskular 1-7
 - 1 ungdomsskule 8-10
- Delvis jamn bygningsmessige kvalitetar på skuleanlegga. Ingen skuleanlegg framstår som topp moderne og framtidsretta, men det er heller ikkje noko anlegg som er i motsett skala. Frakkagjerd barneskule er den nyaste og mest moderne skulen, men manglar kapasitet og nokre funksjonar.
 - noko etterslep på vedlikehald på dei fleste skulane, men ingen urovekkjande byggtekniske behov.
 - Norconsult vurderer at skuleanlegget ved Grinde skule er eit lite pedagogisk funksjonelt skuleanlegg. Det er lite uteareal til elevane, i tillegg til at skulen blir drifta i fem frittståande bygningar. Heile anlegget blir opplevd som lite heilskapleg og med liten grad av

føremålstenlege utformingar. Tomta ligg mellom store vegsystem og mykje av uteområda er ikkje eigna til barneskuleelevar.

- Førre skule får nytt ventilasjonsanlegg og kommunen har utført kostnadskrevjande investeringar i skuleanlegget. Store fornyingar i seinare tid gjer det vanskeleg å tilrå riving/sanering av anlegget. Det er difor lagt til grunn ei vidareføring av ombygging og rehabilitering for å auke funksjonaliteten i anlegget.

6.2 Overordna føresetnader

6.2.1 Generelle føresetnader

I hovudsak kan dei kapasitetsmessige utfordringane i Tysvær bli oppsummert i følgjande punkt:

- Midlertidige paviljongar / modulbygg / brakker blir fasa ut og erstatta ved tilbygg / nybygg
 - Frakkagjerd barneskule er eit moderne skuleanlegg, men har modulbygg for å ha nok areal til elevane. Dei manglar einskilde spesialromfunksjonar, grupperom og lærararbeidsplassar.
- Frakkagjerd ungdomsskule har kapasitetsutfordringar og desse blir forsterka i framtida. Skulen har funksjonelle utfordringar og det bør gjerast tiltak for å sikre betre fysiske rammevilkår. Dette arbeidet er allereie starta av kommunen.
- Førre skule er ein tradisjonell eldre klasseromskule som treng modernisering og ombyggingar. Truleg vil eit tilbygg i kombinasjon med riving/sanering av bygningsmasse med noko ombygging gje auka funksjonalitet og kapasitet for framtida.
- Grinde skule har god kapasitet, men fem frittståande skulebygg på tomta gjev ei oppslitta verksemد med delvis lange avstandar mellom bygga. Isolert sett er dei einskilde bygningane greie anlegg, men i sum gjev dei eit rotete inntrykk og heile bygningsmassen blir vurdert til å vere lite funksjonell sett ut få eit pedagogisk perspektiv. Mange bygningar gir stort fotavtrykk og dermed blir skuletomta lita og fragmentert.
- Straumen skule og Førland skule har trong for utbetringer for å sikre betre funksjonalitet i dei fysiske læringsmiljøa. Stabilt og delvis synkande elevtal i krinsane gir mykje ledig skulekapasitet ved desse skulane.

Politiske premissar og føringar for neste 4 års periode:

- Skulestrukturen skal ikkje endrast og ligg fast i denne valperioden. Dei to alternative framlegga til nye skulesamanslåingar er tiltak som kan vurderast på mellomlang og lang sikt.

6.2.2 Økonomiske føresetnader for investeringskostnad

Tiltak i utgreiinga tek utgangspunkt i slike følgjande økonomiske føresetnader:

- | | |
|---|-----------------------|
| • Nybygg / tilbygg skolebygg pr. m ² BTA | Kr. 40 000 inkl. mva. |
| • Idrettsareal nybygg | Kr. 34 000 inkl. mva. |
| • Ombyggingskostnader Frakkagjerd ungdomsskule pr. m ² BTA | Kr. 27 000 inkl. mva. |
| • Rehabilitering pr. m ² BTA Kr. | Kr. 18 000 inkl. mva |

- Vedlikehaldsetterslepet vert teken inn som eigen kostnadskategori og lagt til mva.

Nybygg/tilbygg

Det er valt å nytte prosjektkostnadar **kr. 40 000 pr. m² BTA skule** og **kr. 34 000 pr. m² BTA idrettsareal** - som inkl. infrastruktur og grunnarbeid.

I kalkylen er det medrekna dei kostnadskomponenten som ligg inne i standard kontoplan for byggjeprosjekt:

- rigg og drift
- bygning
- vvs
- elektro sterkstraum
- elektro svakstraum
- andre installasjoner (heis)
- utomhusarbeider
- generelle kostnader (honorar, gebyr mm)
- mva

Det er **ikkje medrekna marginar og reserver, inventar og kostnader til tomtekjøp**. Marginar og reserver er heller ikkje med i kostnadstala frå tilstandsvurderingane. Difor er heller ikkje eventuelle sal av eigedomar synleggjort som inntekt. For nye skular på ny frittståande tomt, bør det og øyremerkast midlar til uteområdet.

Prosjektkostnad pr. m² er eit overslagstal, bygd på erfaringar frå andre byggjeprosjekt, og på budsjettering av skulebyggprosjekt i andre kommunar. For å ta høgde for prisstigning og upårekna kostnader bør det leggjast til ein margin.

6.2.2.1 Døme på budsjettering av inventar og utstyr til nye skuleanlegg

Nokre kommunar nyttar eit anslag på kr. 35-38 000 pr. elev i budsjetteringa av inventar og utstyr i nye skuleanlegg. Oslo kommune har tidlegare nytta slike anslag i si budsjettering av inventar og utstyr. Møblering av ein ny skule må henge saman med dei aktivitetane som skal skje i areala. Graden av investeringsbehov til inventar og utstyr vil og avhenge av gjenbruk og behovet for nytt utstyr.

Grinde skule med 250 elevar: Estimat på investeringsbehov - inventar og utstyr: Kr. 9,5 mill.

Grinde skule med 325 elevar: Estimat på investeringsbehov – inventar og utstyr: kr. 12,4 mill.

6.2.3 Økonomiske føresetnader for driftskostnadene

Driftskostnadane tek utgangspunkt i samanlikningsåret 2025. Det er teke utgangspunkt i full effekt av alle tiltak i dette samanlikningsåret. Kostnader knytt til leige av erstatningsbygg / paviljongar i byggjepериодar er ikkje lagt inn i kostnadsgrunnlaget.

6.2.3.1 Løns- og skulekostnad


Det er valt å nytte netto kostnad pr. elev, basert på kommunen sitt budsjett for 2019 som utgangspunkt for å beregne løns- og skulekostnaden i strukturvala.

Det er tatt utgangspunkt i skulekostnadane på konto fom. 10100 tom. 10990 og trekt ifrå inntekter på konto fom. 16000 tom. 18102. Andre driftskostnader (inventar, skulemateriell, mv) er ikkje lagt til grunn for modelleringa.

Budsjett 2019 er lagt til grunn for berekningsgrunnlaget.

Tysvær kommune sine samla rammer til skuleføremålet finansierer kostnader til pedagognorm, språkdeling, spesialundervisning og andre føremål.

På neste side er det vist kostnad pr. elev for skuleåret 2019/20 – budsjettåret 2019.



Figuren over syner samanhengen mellom skulestorleik og kostnad pr. elev. Større skular har fleire elevar å fordele kostnaden på, noko som gir ein lågare kostnad pr. elev – samanlikna med mindre skular.

6.2.3.2 FDV-kostnad

FDV kostnadane tek utgangspunkt i kostnadsnivået / normtalet frå Norsk Prisbok 2017 – Type 6.1 Skulebygning. Her er nivået sett til kr. 679 pr. m² BTA. I reknearka er dette nivået runda opp/prisjustert opp til kr. 700 pr. m² BTA.

6.2.3.3 Rente- og kapitalkostnad

Kapitalkostnaden er bygd på eit annuitetslån med nedbetalingstid på 30 år med 4,5% årleg rente. Årleg rente- og kapitalkostnad utgjer kr. 61.500 pr. investert million kroner.

6.2.3.4 Skysskostnader

Skyssen er bygd på kostnadsnivået med elevfordeling og skulelokaliseringar slik det er i dag. Skuleåret 2019/20, får 550 elevar eller 32 prosent av elevane skuleskyss. På Tysværvåg og Nedstrand barne- og ungdomsskular får 64 og 62 prosent av elevane innvilga skuleskyss. Førre skule har berre 3 prosent av elevane med skyss. Ved Straumen skule har særsla mange elevar skuleskyss grunna farleg skuleveg.

6.2.3.5 Etterslep vedlikehald

Tilstandsrapportane utført av Nordbø og Seglem frå mai 2018 er nytta som utgangspunkt for å vurdere etterslep på vedlikehald. På dei skulane kor planen tilrår ombygging, rehabilitering og nybygg, blir dette etterslepet justert og redusert fordi tiltaket inneber utbetring av skuleanlegget. Etterslepet er synleggjort inkl. mva.

6.3 Oversyn – vurderte strukturval i denne rapporten

Det er utarbeidd seks strukturval / alternativ / moglegheiter inkludert vidareføring av dagens situasjon (**strukturval 0**) som vurderer alternativ organisering av grunnskuletenestene slik:

Strukturval 0: Vidareføring av dagens situasjon (Grinde skule på ny tomt) (referansealternativet)

1. **Strukturval 1:** Grinde skule inkl. Førland på ny tomt
2. **Strukturval 2:** Frakkagjerd inkl. Førre – resten uendra (Grinde skule på ny tomt)
3. **Strukturval 3:** Tysværvåg barne- og ungdomsskule inkl. Førland skule (Grinde skule på ny tomt)
4. **Strukturval 4:** Grinde skule inkl. Førland og Straumen på ny tomt
5. **Strukturval 5:** Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl. Straumen skule

Tysvær kommune kan vedta fleire kombinasjonar av strukturvala over. Strukturvala er utarbeidd i samarbeid med Tysvær kommune.

6.4 Struktur- og utbyggingsløysingar for Frakkagjerd ungdomsskule

6.4.1 Skulen har og vil få store kapasitetsutfordringar

Kapasitetsvurderingane Norconsult har gjort tilseier at Frakkagjerd ungdomsskule får plassmangel allereie inneverande skuleår 2019/20 og vidare framover. Skulen er vurdert til å ha ein maksimal teoretisk (100%) skulekapasitet på 360 elevar. Inneverande skuleår går det 356 elevar på skulen. Frakkagjerd ungdomsskule får med 14 klasserom delingsproblematikk når årstegna blir fleire enn 120 elevar. I skuleåret 2023/24 tilseier elevtalsprognosene at skulen blir 5 -parallel , som er ein parallel (3 klassar) meir enn kva skulen har kapasitet til i dag.

6.4.2 Vegval for ungdomssteget generelt og for Frakkagjerd ungdomsskule spesielt

Frakkagjerd ungdomsskule har eit samla bruttoareal på 6 150 m² BTA. Ein ungdomsskule med plass til 450 elevar / 5 klassar pr årsteg, skal ha i følgje arealnorma eit bruttoareal (eks. idrett) på 4 921 m² BTA. Det inneber at det er nok samla areal i skulen i dag til å handtere krava i arealnorma, men svært ofte blir det utfordrande å innpasse nye, moderne løysingar i eksisterande bygningsstruktur.

Det bør difor takast høgd for noko tilbygg i dette prosjektet. Særleg gjeld dette for dei areala som er etablert i «betongkjerna» i midten av skulebygget og i kva grad desse areala kan utnyttast i eit evt. ut- og ombyggingsprosjekt.

6.4.2.1 Utbyggingsløysingar ungdomsskulen

Tysvær kommune har to utbyggingsval for Frakkagjerd ungdomsskule for å auke elevkapasiteten og funksjonaliteten til skuleanlegget.

3. Variantar av mindre tilbygg, ombygging, rehabilitering av eksisterande skule
4. Ny ungdomsskule
 - a. Frakkagjerd
 - b. Aksdal

Norconsult har erfart at store ombyggingar, rehabiliteringar og tilbygg av skular – kan få prosjektkostnader tett opp til og over nybygg-prisar. Dersom kommunen i tillegg ynskjer klima- og miljøkrav i ombyggings- og rehabiliteringsprosjekt, vil dette også vere med på å auke ambisjonsnivå kostnaden og «komplisere» ei evt. ut- og ombygging.

Løysing 2b opnar i større grad opp for at Tysvær kommune på lang sikt kan vurdere ein felles ungdomsskule for heile kommunen. Denne løysinga inneber at tiltaka ved Grinde skule og evt. ny idrettshall kan sjåast i samanheng , og slik vere med på å styrke og utvikle Aksdal-området med auka offentlege tenester.

Ein felles ungdomsskule bør dimensjonerast som ein U630 eller som ein 7 parallel ungdomsskule – planlagt og teikna som ein skule, men bygt i to byggjesteg:

- Byggjesteg I: U450 kor alle spesial- og fellesrom vert realisert som ein U630 skule
- Byggjesteg II: Resterande elevareal og evt. lærararbeidsplassar til U630

6.4.2.2 Kalkylar – ubyggingsløysingar

Type tiltak (m ²)	Ansætt investeringskostnad (NOK)						
					INVESTERINGS-KOSTNAD		
	Innomhus riving	Nybrygg	Enkel rehabilitering	Ombrygging	Ombrygging	Nybrygg	
Frakkagjerd ungdomsskule - 4 utbyggingsløysingar (eks. idrett)	Dimensionera nde elevata jf. Prognose	Innomhus riving	Nybrygg	Enkel rehabilitering	Ombrygging	Ombrygging	INVESTERINGS-KOSTNAD
1.A. TILBYGG OG REHABILITERINGAR	390 (U450)	1 500	3 400	1 500	850	18 mill	40,5 mill 117,1 mill
1.B. TILBYGG OG OMFATTANDE OMBRYGGING OG NOKO REHABILITERING	390 (U450)	1 500	1 900	3 000	850	1,8 mill 22,8 mill	81,0 mill 34,0 mill 139,6 mill
2.A. NYBRYGG PÅ FRAKKAGJERD FOR DAGENS INNTAKSOMRÅDE	390 (U450)	-	-	-	4 921	-	196,8 mill
2.B. NYBRYGG FOR HEILE KOMMUNEN	510 (U540)	-	-	-	5 948	-	237,9 mill 237,9 mill

I estimata over er det vurdert fire utbyggingsløysingar for Frakkagjerd ungdomsskule. Tre løysingar syner vidareføring av inntaksområdet i dag på same tomt og ei løysing på ei anna tomt i kommunen:

1A: Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøkternt utbyggingsnivå

1B: Tilbygg med ei meir omfattande ombygging med mindre enkle rehabiliteringar.

2A: Nybyggloysing – dimensjonert som ein U450 skule

2B: Nybyggloysing for heile kommunen – U540 skule.

Alternativ 2A kan realiserast på andre stader i kommunen, utan at ungdomsstega frå Nedstrand og Tysværsvåg er inkludert i elevtalet. Merk at tomtekostnadene og grunnarbeider utanfor skuletomta, ikkje er med i estimata over.

Ved å byggje ny frittståande ungdomsskule på nye skuletomter, kan eksisterande Frakkagjerd ungdomsskule nyttast som avlastningsskule om det til dømes er aktuelt å gjere tiltak ved Førre skule eller Frakkagjerd barneskule.

Utbyggingsløysing 1B har ein estimert kostnad som ligg om lag 70 prosent av nybyggkostnaden i alternativ 2A. Fleire kommunar nyttar ein «tommelfinger»-regel som seier at når ombyggingskostnaden ved ein skule kjem opp mot 80 prosent av nybygg-pris, vel ein nybygg som hovudløysing. Alternativ 1B ligg tett opp til ei slik vurdering.

I tiltaka i strukturvala i dei neste kapitla, har Norconsult vist alternativ 1A som utbyggingsløysing for Tysvær kommune. Dette gir eit estimert investeringsbehov på kr. 117 mill. for Frakkagjerd skule. Løysinga inneber at kommunen må ha tilgjengeleg erstatningsskule i dette alternativet.

6.5 Kostnader knytt til auka idrettshallkapasitet

Utbyggingstiltaka fører vidare idretts- og kroppsøvingskapasitet, slik han er i dag. Nokre av strukturalternativa kan gi grunnlag for å auke hallkapasiteten, avhengig av løysing.

Under er det satt opp to døme på brutto investeringskostnad inkl. mva. (dvs. før mva. refusjon og spelemidlar er trekt frå investeringssum) for to typar av idrettshallar, volleyballhall og handballhall.

Anslått investeringeskostnad (NOK)			
Volleyballhall	Areal	Nybygg	INVESTERINGS-KOSTNAD
Volleyballhall	1 200	40,8 mill	40,8 mill
sum	1 200	40,8 mill	40,8 mill

Anslått investeringeskostnad (NOK)			
Håndballhall	Areal	Nybygg	INVESTERINGS-KOSTNAD
Håndballhall	2 250	76,5 mill	76,5 mill
sum	2 250	76,5 mill	76,5 mill

6.6 Kostnader knytt til erstatningsskule (modulbygg)

Norconsult har utarbeidd eit notat (12.11.2019) som estimerer kostnadane med erstatningsskule for Frakkagjerd ungdomsskule om kommunen vel ombygging og tilbyggsløysingar ved Frakkagjerd ungdomsskule.

Det er i kostnadsoverslaget lagt til grunn at Tysvær kommune trenger 99 modular i ein periode på 2 år. Montering / demontering, transport og tilkopling til EL og VVS er lagt til grunn for samla kostnad. Særleg må det pårekna kostnader til VVS arbeidet.

Det er også lagt inn nokre flyttekostnader for ungdomsskulen.

Kostnadskalkylen tilseier over kr. 15 mill. for et modulbygg i 2 år ved Frakkagjerd ungdomsskule.

6.7 Strukturval 0 – Vidareføring av strukturen slik den er i dag (samanlikningsalternativet).

Strukturval 0 Vidareføring av dagens situasjon med 8 grunnskular	Dimensioner ende elevtall jf. prognose	Bruuttoareal (BTÅ)	Arealbehov jfr arealnorm (BTÅ)	Type tiltak (m ²)		Ansatt investeringskostnad inkl. mva (NOK)				INVESTERINGS- KOSTNAD
				Riving/ sanering	Vedlikeholdse- terslepe els.mva	Ombygging/ rehabilitering	Nybygg BTÅ	Riving/ sanering	Vedlikehalds- eterslep	
Førre skule eks idrett	270	4 780	3 812		25,0 mill	2 000	400	-	31,3 mill	36,0 mill
Frakkagjerd barneskule eks idrett	320	3 047	3 705		6,3 mill	400	658	-	7,9 mill	7,2 mill
Grinde skule eks idrett	250		3 039		-		3 039	-	-	-
Forland skule ink idrett	75	2 190	1 337		15,2 mill	-		-	19,0 mill	-
Straumen skule ink idrett	70		1 337		15,9 mill	-		-	19,9 mill	-
Nedstrand barne- og ungdomsskule ink idrett	100	2 721	1 810		18,5 mill			-	23,2 mill	-
Tysværåg barne- og ungdomsskule	200	4 075	3 066		17,3 mill			-	21,6 mill	-
Frakkagjerd ungdomsskule eks idrett	390	6 150	4 921	1 500	-	4 900	850	1,8 mill	-	81,3 mill
Sum	1 675	28 077	23 027	1 500	98,2 mill	7 300	4 947	1,8 mill	122,7 mill	124,5 mill
									197,9 mill	446,9 mill

6.7.1 Strukturelle og lokaliseringmessige konsekvensar

Det er ingen, men det blir gjort framlegg om at Grinde skule blir etablert på ny skuletomt i skulekrinsen.

6.7.2 Investeringmessige konsekvensar

I eit langsiktig perspektiv er det kalkulert med et investeringsbehov på om lag **kr. 447 mill.** for utbetringar i skuleanlegga i Tysvær kommune.

Frakkagjerd ungdomsskule (kr. 117 mill.) og nybygg til Grinde skule (kr. 122 mill.) er dei mest kostnadskrevjande tiltaka. Vidare er det lagt til grunn ut- og ombygging av både Førre skule og Frakkagjerd barneskule.

Tiltak ved resterande skular er oppfølging av vedlikehaldsetterslep i tråd med tilstandsrapportar frå 2018.


6.7.3 Bygningsmessige konsekvensar

SKULE	TILTAK
Førre skule	Skulen har stort samla bruttoareal (BTA), men mykje av arealet er gang- og trafikkareal. Skulen har trøng for fleire grupperom og læringsareal som i større grad er tilpassa storleiken på årsstega. Det er difor lagt til grunn ombygging av deler av eksisterande bygningsmasse, og i tillegg ny administrasjons- og personalfløy. Administrasjonsfløy og personalareal blir ombygd til læringsareal. Desse utbetringstiltaka vil påverke graden av vedlikehaldsetterslep og dette kostnadsnivået er justert ned.
Frakkagjerd barneskule	Paviljongane blir erstatta med tilbygg. Erfaringar som er gjort, tilseier at tilbygg krev noko endring av funksjonane i anlegget og det er lagt inn kostnader til ombygging som også skal sikre betre funksjonalitet i personal- og spesialromfunksjonar.
Grinde skule	Skuleanlegg blir vurdert til å ha svært låg pedagogisk funksjonalitet. Merk at det ikkje er byggetekniske tilstandsvurderingar som ligg til grunn for dette tiltaket, men fysisk utforming og lite heilskap i anlegget. Skulen er drifta i fem bygg på ei knapp skuletomt. Når fotavtrykka frå bygningar og infrastruktur er halden utanfor, er det små, tilgjengelege uteområde til elevane. Ein eventuell ny skule må realiserast på ny tomt i skulekrinsen. Tiltaket er eks. idrett, slik at ny skule må vidareføre bruk av idrettshallen til kroppsøving.
Førland skule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Straumen skule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Nedstrand barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Tysværvgå barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Frakkagjerd ungdomsskule	Det er valt utbyggingsløysing 1A for Frakkagjerd ungdomsskule. Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøktern utbyggingsnivå. Tilbygg til 90 elevar med lærararbeidsplassar. Rehabilitering og ombygging av nesten heile anlegget (6150 BTA) som sikrar tilrettelegging til U450 skule med 5 klassar pr. årssteg. Ombygginga bør sikre betre samanheng mellom dei indre funksjonane.

6.8 Strukturval 1 – Grinde skule inkl. Førland skule på ny tomt

6.8.1 Strukturelle og lokaliseringsmessige konsekvensar

Elevane frå Førland skular blir overførte til Grinde skule.



Grinde skule har elevtal i eigen skulekrins som tilseier ein liten to-parallel skule. Dei har elevtal som i hovudsak ligg godt over 30 elever på kvart trinn – noko som gjev to klassar på kvart trinn.

Konsekvensen ved å få Førland skule overført til Grinde skulekrins gir framleis driftsgrunnlag som ein to-parallel skule i framtida. Sjølv med ny lærarnorm vil ei slik løysing gje innsparingspotensiale i skuledrifta.

Elevtalsprognosane gir grunnlag for trinn som ligg mellom 40-50 elevar i perioden. Nokre år kan gi trinn som ligg rundt 56 elevar.

Ei eventuell overføring av elevane frå Førland til Grinde skulekrins, kan gje grunnlag om å vurdere ny lokalisering av Grinde skule.

6.8.2 Investeringsmessige konsekvensar

Strukturval 1 Grinde inkl Førland på ny tomt	Dimensioner ende elevtall jf. prognose	Bruttoareal (BTA)	Arealbehov ifr. arealnorm (BTA)	Type tiltak (m ²)				Ansatt investeringskostnad inkl. mya (NOK)				INVESTERINGS- KOSTNAD		
				Riving/ sanering	Vedlikehalds- terslep eks.myva	Ombygging / rehabilitering	Nybrygg BTA	Riving/ sanering	Vedlikehalds- etterslep	Ombygging / rehabilitering	Nybrygg BTA			
Førre skule eks idrett	270	4 780	3 812	25,0	2 000	400	-	31,3	mill	36,0	mill	83,3	mill	
Frakkagjerd barneskule eks idrett	320	3 047	3 705	6,3	400	658	-	7,9	mill	7,2	mill	26,3	mill	
Grinde skule eks idrett	325	3 412	4 492	-	-	4 492	-	-	-	-	-	179,7	mill	
Førland skule inkl idrett	-	2 190	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
Straumen skule inkl idrett	70	1 702	1 337	15,9	500	-	-	19,9	mill	9,0	mill	-	28,9	mill
Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl idrett	100	2 721	1 810	18,5	500	-	-	23,2	mill	-	-	-	23,2	mill
Tysværås barne- og ungdomsskule	200	4 075	3 066	17,3	500	-	-	21,6	mill	-	-	-	21,6	mill
Frakkagjerd ungdomsskule eks idrett	390	6 150	4 921	1 500	-	4 900	850	1,8	mill	-	81,3	mill	34,0	mill
Sum	1 675	28 077	23 143	1 500	83,0	7 800	6 400	1,8	mill	103,7	mill	133,5	mill	
												256,0	mill	
												495,0	mill	

Strukturval 1 aukar investeringsbehovet, samanlikna med kostnaden i strukturval 0, fordi auka nybyggbehov aukar kostnaden.

Det er estimert ein investeringskostnad på **kr. 495 mill.** i eit langsigkt perspektiv. Dette er det strukturvalet som vert vurdert til å ha størst investeringsbehov.

Grinde skule inkl. Førland er saman med ombygging av Frakkagjerd ungdomsskule dei største tiltaka i dette alternativet. Vidare er det lagt til grunn tiltak ved Førre skule og Frakkagjerd barneskule.

Tiltak ved resterande skular er oppfølging av vedlikehaldsetterslep i tråd med tilstandsrapportar frå 2018


6.8.3 Bygningsmessige konsekvensar

SKULE	TILTAK
Førre skule	<p>Skulen har stort samla bruttoareal (BTA), men mykje av arealet er gang- og trafikkareal. Skulen har trong for fleire grupperom og læringsareal som i større grad er tilpassa storleiken på årsstega. Det er difor lagt til grunn ombygging av deler av eksisterande bygningsmasse, i tillegg ny administrasjons- og personalfløy. Administrasjonsfløy og personalareal blir ombygd til læringsareal.</p> <p>Desse utbetringstiltaka vil påverke graden av vedlikehaldsetterslep og dette kostnadsnivået er justert ned</p>
Frakkagjerd barneskule	Paviljongane vert erstattet med tilbygg. Erfaringsmessig vil tilbygg krevje noko endring av dagens funksjonar i anlegget – og det er lagt inn kostnader til ombygging som også skal sikre betre funksjonalitet til personal- og spesialromfunksjonar.
Grinde skule inkl. Førland	Ny barneskule – dimensjonert for 350 elevar på ny tomt. Det er ikkje lagt til grunn idretts- og gymsalsareal i skulen, slik at dagens bruk i idrettshallen er vidareført.
Førland skule	Ingen behov. Kan avhendast / seljast.
Straumen skule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Nedstrand barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Tysværåg barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Frakkagjerd ungdomsskule	Det er valt utbyggingsløysing 1A for Frakkagjerd ungdomsskule. Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøkternt utbyggingsnivå. Tilbygg til 90 elevar med lærararbeidsplassar. Rehabilitering og ombygging av nesten heile anlegget (6150 BTA) som sikrar tilrettelegging til U450 skule med 5 klassar pr. årssteg. Ombygginga bør sikre betre samanheng mellom dei indre funksjonane.

6.9 Strukturval 2 – Frakkagjerd barneskule inkl. Førre skule

6.9.1 Strukturelle og lokaliseringsmessige konsekvensar

Elevane frå Førre skule og Frakkagjerd barneskule vert ein felles skulekrins. Ny barneskule får eit elevtal mellom 550 og 580 elevar innover prognoseperioden.



Ny barneskule for desse to skulekrinsane får elevtal som ligg mellom 70 – 90 elevar på årsstega. Dette tilseier tre klassar pr. årssteg som hovudregel om ein nyttar det gamle delingstalet i opplæringslova.

Frakkagjerd barneskule kan dimensjonerast som ein barneskule for 600 elevar. Då er det teke omsyn til bufferkapasitet på om lag 10 %, samt at elevtalsgrunnlaget er tufta på optimistiske føresetnader i prognosene.

Frakkagjerd barneskule er kommunen sin mest moderne skule. Ei samlokalisering på Frakkagjerd vil vere i tråd med kommuneplanen sine føringar og styrker Frakkagjerd med offentlege tenester i eit sentralt arbeids- og buområde. Idrettshall og idrettsanlegg er allereie etablert på tomta og kommunen kan ta utgangspunkt i ein B600 skule som dimensjonerande ramme for desse to skulekrinsane.

6.9.2 Investeringsmessige konsekvensar

Strukturval 2 Frakkagjerd inkl. Førre	Dimensioner ende elevall jf. prognose	Bruttoareal (BTA)	Arealbehov jfr arealnorm (BTA)	Riving/ sanering	Vedlikehaldse tersleip eks.mva	Type tiltak (m ²)			Ansatt investeringskostnad inkl. mva (NOK)			INVESTERINGS- KOSTNAD
						Ombygging / rehabilitering	Riving/ sanering	Vedlikehalds- etterslep	Ombygging / rehabilitering	Nybygg BTA	Nybygg BTA	
Førre skule inkl idrett	-	4 780	3 047	6 566	-	-	-	-	-	14,4 mill	140,8 mill	-
Frakkagjerd barneskule eks idrett	590	250	3 412	3 039	-	800	3 519	-	-	121,6 mill	121,6 mill	155,2 mill
Grinde skule eks idrett	75	75	2 190	1 337	12,0 mill	400	3 039	-	-	15,0 mill	7,2 mill	-
Førland skule inkl idrett	70	70	1 702	1 337	15,9 mill	500	-	-	-	19,9 mill	9,0 mill	-
Straumen skule inkl idrett	100	100	2 721	1 810	18,5 mill	-	-	-	-	23,2 mill	-	-
Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl idrett	200	200	4 075	3 066	17,3 mill	-	-	-	-	23,6 mill	-	-
Tysværåg barne- og ungdomsskule	390	390	6 150	4 921	1 500	-	4 900	850	1,8 mill	-	81,3 mill	34,0 mill
Frakkagjerd ungdomsskule eks idrett			1 675	28 077	22 076	1 500	63,7 mill	6 600	7 408	1,8 mill	111,9 mill	296,3 mill
Sum												489,6 mill

Samla investeringskostnad i dette alternativet er kostnadsrekna til kr. **490 mill**.

Tiltak ved Førre skule går ut og tilbygget ved Frakkagjerd barneskule aukar i tråd med fleire elevar og tilsette. Skulen vert dimensjonert som ein B600 skule. Behovet for idrettshall må vurderast særskilt og vil avhenge av utbyggingsløysing for Frakkagjerd ungdomsskule.

Tiltaket ved Frakkagjerd barneskule (tilbygg og ombygging) vert kostnadsrekna til kr. 155 mill.

Ny Grinde skule er kostnadsrekna til kr. 122 mill, til liks som strukturval 0.

Tiltaket ved Frakkagjerd ungdomsskule er uendra og er kostnadsrekna til kr. 117 mill.


Tiltak ved resterande skular er oppfølging av vedlikehaldsetterslep i tråd med tilstandsrapportar frå 2018.

6.9.3 Bygningsmessige konsekvensar

SKULE	TILTAK
Førre skule	Ingen behov. Kan avhendast / seljast.
Frakkagjerd barneskule inkl. Førre	Tilbygg og ombygging – dimensionert for 600 elevar. Paviljongane og manglende funksjonar blir erstatta i samband med tilbygget. Det er ikkje medrekna auka idretts- og kroppsøvingskapasitet utover eksisterande idrettshall.
Grinde skule	Skuleanlegget blir vurdert til å ha svært låg pedagogisk funksjonalitet. Merk at det ikkje er byggtekniske tilstandsvurderingar som ligg til grunn for dette tiltaket, men fysisk utforming og lite heilskap i anlegget. Skulen vert driven i fem bygg på ei knapp skuletomt. Når fotavtrykka frå bygningar og infrastruktur er halden utanfor, er det små tilgjengelege uteområde til elevane. Ein eventuell ny skule må realiserast på ny tomt i skulekrinsen. Tiltaket er eks. idrett, slik at ny skule må vidareføre dagens bruk av idrettshallen til kroppsøving
Førland skule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Straumen skule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Nedstrand barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Tysværvgå barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Frakkagjerd ungdomsskule	Det er valt utbyggingsløysing 1A for Frakkagjerd ungdomsskule. Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøkternt utbyggingsnivå. Tilbygg til 90 elevar med lærararbeidsplassar. Rehabilitering og ombygging av nesten heile anlegget (6150 BTA) som sikrar tilrettelegging til U450 skule med 5 klassar pr. årssteg. Ombygginga bør sikre betre samanheng mellom dei indre funksjonane.

6.10 Strukturval 3 – Tysværvåg barne- og ungdomsskule inkl. Førland skule

6.10.1 Strukturelle og lokaliseringsmessige konsekvensar



Ved å overføre elevane i Førland skulekrins til Tysværvåg barne- og ungdomsskule (TBU), blir elevtalsnedgangen ved TBU redusert og kommunen kan nyte ledig og funksjonell kapasitet i dette skulebygget på ein god måte.

Ei slik løysing inneber at kommunen får ei meir effektiv skule- og bygningsdrift.

6.10.2 Investeringsmessige konsekvensar

Strukturval 3 Tysværåg BU inkl. Førland	Dimensioner ende elevtall if. prognose	Bruttoareal (BTA)	Arealbeholdning jfr arealnorm (BTA)	Type tiltak (m ²)				Ansatt investeringskostnad inkl. mva (NOK)				INVESTERINGS- KOSTNAD
				Riving/ sanering	Vedlikehalds- terslep eks.mva	Ombygging / rehabilitering	Nybygg BTA	Riving/ sanering	Vedlikehalds- eterslep	Ombygging / rehabilitering	Nybygg BTA	
Førre skule inkl idrett	270	4 780	3 812		25,0 mill	2 000	400	-	31,3 mill	36,0 mill	16,0 mill	83,3 mill
Frakkagjerd barneskule eks idrett	320	3 047	3 705		6,3 mill	400	658	-	7,9 mill	7,2 mill	26,3 mill	41,4 mill
Grinde skule eks idrett	250	3 412	3 039	-			3 039	-	-	-	121,6 mill	121,6 mill
Førland skule inkl idrett	-	2 190	-					-	-	-	-	-
Straumen skule inkl idrett	70	1 702	1 337		15,9 mill	-		-	19,9 mill	-	-	19,9 mill
Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl idrett	100	2 721	1 810		18,5 mill			-	23,2 mill	-	-	23,2 mill
Tysværåg barne- og ungdomsskule inkl Førland	275	4 075	3 066		17,3 mill			-	21,6 mill	-	-	21,6 mill
Frakkagjerd ungdomsskule eks idrett	390	6 150	4 921	1 500	-	4 900	850	1,8 mill	-	81,3 mill	34,0 mill	117,1 mill
Sum	1 675	28 077	21 690	1 500		7 300	4 947	1,8 mill	103,7 mill	124,5 mill	197,9 mill	427,9 mill

Dette alternativet gjev minst behov for investeringsmidlar fordi kommunen nyttar ledig kapasitet i TBU til elevane frå Førland skulekrins.

Samla er det estimert eit langsiktig investeringsbehov på **kr. 428 mill**. Tiltak ved Grinde skule, Frakkagjerd ungdomsskule og Førre skule har dei største kostnadene.

Vedlikehaldsetterslepet ved Førland skule utgår og det er ikkje naudsynt med auke i tiltaksnivået ved TBU for å handtere elevane frå Førland skulekrins.


Dette strukturvalet har minst behov for nybygg. Dette medfører at strukturvalet har «minst» behov for investeringsmidlar, samanlikna med dei andre strukturvala.

6.10.3 Bygningsmessige konsekvensar

SKULE	TILTAK
Førre skule	Skulen har stort samla bruttoareal (BTA), men mykje av arealet er gang- og trafikkareal. Skulen har trong for fleire grupperom og læringsareal som i større grad er tilpassa storleiken på årsstega. Det er difor lagt til grunn ombygging av deler av eksisterande bygningsmasse, samt ny administrasjons- og personalfløy. Dagens administrasjonsfløy og personalareal vert ombygt til læringsareal. Desse utbetringstiltaka vil påverke graden av vedlikehaldsetterslep og dette kostnadsnivået er nedjustert.
Frakkagjerd barneskule	Paviljongane blir erstatta med tilbygg. Erfaringar tilseier at eit tilbygg vil krevje endringar av funksjonar i anlegget og det er lagt inn kostnader til ombygging som også skal sikre betre funksjonalitet i personal- og spesialromfunksjonar.
Grinde skule	Skuleanlegget blir vurdert til å ha svært låg pedagogisk funksjonalitet. Merk at det ikkje er byggetekniske tilstandsvurderingar som ligg til grunn for dette tiltaket, men fysisk utforming og lite heilskap i anlegget. Skulen blir drifta i fem bygg på ei knapp skuletomt. Når fotavtrykka frå bygningar og infrastruktur er halden utanfor, er det små tilgjengelege uteområde til elevane. Ein eventuell ny skule må realiserast på ny tomt i skulekrinsen. Tiltaket er eks. idrett, slik at ny skule må vidareføre bruk av idrettshallen til kroppsøving.
Førland skule	Ingen behov. Kan avhendast / seljast.
Straumen skule	Oppgraderinger i tråd med vedlikehaldsetterslep
Nedstrand barne- og ungdomsskule	Oppgraderinger i tråd med vedlikehaldsetterslep
Tysværåg barne- og ungdomsskule inkl. Førland	Oppgraderinger i tråd med vedlikehaldsetterslep – ingen behov utover dette.
Frakkagjerd ungdomsskule	Det er valt utbyggingsløysing 1A for Frakkagjerd ungdomsskule. Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøkternt utbyggingsnivå. Tilbygg til 90 elevar med lærararbeidsplassar. Rehabilitering og ombygging av nesten heile anlegget (6150 BTA) som sikrar tilrettelegging til U450 skule med 5 klassar pr. årssteg. Ombygginga bør sikre betre samanheng mellom dei indre funksjonane.

6.11 Strukturval 4 - Grinde skule inkl. Førland skule og Straumen skule på ny tomt

6.11.1 Strukturelle og lokaliseringmessige konsekvensar



Grinde skule inkl. elevane frå Førland og Straumen gjev grunnlag for ein skule med om lag 400 elevar. Med ei tryggleiks- og buffermargin på 10-12 prosent av maksimalt elevtal – gjev dette grunnlag for å dimensjonere barneskulen for 450 elevar. I snitt gjev dette trinn på 65 elevar. Dette er ein 2-2,5 parallelle barneskule med to store trinn på kvart årssteg.

6.11.2 Investeringsmessige konsekvensar

Strukturval 4	Dimensjoner Bruuttoareal (BTA)	Arealbehov jfr arealnorm (BTA)	Riving/ sanering	Type tiltak (m ²)				Ansatt investeringskostnad inkl. mya (NOK)				INVESTERINGS- KOSTNAD
				Vedlikehalds- tterslep eks.myra	Ombygging / rehabilitering	Nybygg BTA	Riving/ sanering	Vedlikehalds- etterslep	Ombygging / rehabilitering	Nybygg BTA		
Førre skule inkl. Førland og Straumen på ny tomt	270	4 780	3 812	25,0 mill	2 000	400	-	31,3 mill	36,0 mill	16,0 mill	83,3 mill	
Frakkagjerd barneskule eks idrett	320	3 047	3 705	6,3 mill	400	658	-	7,9 mill	7,2 mill	26,3 mill	41,4 mill	
Grinde skule eks idrett	395	3 412	5 054	-	-	5 054	-	-	-	-	202,2 mill	202,2 mill
Førland skule inkl. idrett	-	2 190	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Straumen skule inkl. idrett	-	1 702	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Nestrand barne- og ungdomsskule inkl idrett	100	2 721	1 810	18,5 mill	-	-	-	23,2 mill	-	-	-	23,2 mill
Tysværåg barne- og ungdomsskule	200	4 075	3 066	17,3 mill	-	-	-	21,6 mill	-	-	-	21,6 mill
Frakkagjerd ungdomsskule eks idrett	390	6 150	4 921	1 500	-	4 900	850	1,8 mill	-	81,3 mill	34,0 mill	117,1 mill
Sum	1 675	28 077	22 368	1 500	67,1 mill	7 300	6 962	1,8 mill	83,9 mill	124,5 mill	278,5 mill	488,7 mill

Grinde skule blir dimensjonert for 450 elevar som inkluderer ein tryggleiksmargin på om lag 50 elevar i høve elevtalsgrunnlaget frå prognosene.

Samla er det vurdert eit langsiktig investeringsbehov som gjev om lag **kr. 489 mill.** eller kr. 42 mill. meir enn tiltaka i strukturval 0 – vidareføring av dagens situasjon.


Tiltak ved Frakkagjerd ungdomsskule utgjer kr. 117 mill. som i alternativ 0.

6.11.3 Bygningsmessige konsekvensar

SKULE	TIKTAK
Førre skule	<p>Skulen har stort samla bruttoareal (BTA), men mykje av arealet er gang- og trafikkareal. Skulen har trong for fleire grupperom og læringsareal som i større grad er tilpassa storleiken på årsstega. Det er difor lagt til grunn ombygging av deler av eksisterande bygningsmasse, i tillegg ny administrasjons- og personalfløy. Administrasjonsfløy og personalareal blir ombygd til læringsareal.</p> <p>Desse utbetringstiltaka vil påverke graden av vedlikehaldsetterslepet og dette kostnadsnivået er justert ned</p>
Frakkagjerd barneskule	Paviljongane vert erstattet med tilbygg. Erfaringsmessig vil tilbygg krevje noko endring av dagens funksjonar i anlegget – og det er lagt inn kostnader til ombygging som også skal sikre betre funksjonalitet til personal- og spesialromfunksjonar.
Grinde skule inkl. Førland og Straumen	Ny barneskule – dimensjonert for 450 elevar på ny tomt. Det er ikkje lagt til grunn idretts- og gymsalsareal i skulen, slik at dagens bruk i idrettshallen er vidareført.
Førland skule	Ingen behov. Kan avhendast / seljast.
Straumen skule	Ingen behov. Kan avhendast / seljast.
Nedstrand barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Tysværåg barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Frakkagjerd ungdomsskule	Det er valt utbyggingsløysing 1A for Frakkagjerd ungdomsskule. Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøkternt utbyggingsnivå. Tilbygg til 90 elevar med lærararbeidsplassar. Rehabilitering og ombygging av nesten heile anlegget (6150 BTA) som sikrar tilrettelegging til U450 skule med 5 klassar pr. årssteg. Ombygginga bør sikre betre samanheng mellom dei indre funksjonane.

6.12 Strukturval 5 – Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl. Straumen

6.12.1 Strukturelle og lokaliseringsmessige konsekvensar



Nedstrand barne- og ungdomsskule får tidleg i perioden eit elevtal over 220 elevar. Utover prognoseperioden vert elevtalet redusert til om lag 150-160 elevar. I utbyggingsløysinga er det teke høgde for ei dimensjonering som ein K200 skule (170 elevar inkl. 10-15% bufferkapasitet).

6.12.2 Investeringsmessige konsekvensar

Strukturval 5 Nedstrand inkl. Straumen	Dimensioner ende elevatt if. prognose	Bruttoareal (BTÅ)	Arealbehov ifr arealnorm (BTÅ)	Riving/ sanering	Type tiltak (m ²)		Ansått investeringskostnad inkl. mva (NOK)				INVESTERINGS- KOSTNAD
					Vedlikehaldse tterslepk eks.mva	Ombygging / rehabilitering	Riving/ sanering	Vedlikehalds- etterslep	Ombygging / rehabilitering	Nybygg BTÅ	
Føre skule inkl idrett	270	4 780	3 812		25,0 mill	2 000	400	-	31,3 mill	36,0 mill	16,0 mill
Frakkagjerd barneskule eks idrett	320	3 047	3 705		6,3 mill	400	658	-	7,9 mill	7,2 mill	26,3 mill
Grindle skule eks idrett	250	3 412	3 039		-		3 039	-	-	-	41,4 mill
Førland skule inkl idrett	75	2 190	1 337		15,2 mill	-		-	19,0 mill	-	121,6 mill
Straumen skule inkl idrett	-	1 702	-		-	-	-	-	-	-	19,0 mill
Nedstrand barne- og ungdomsskule inkl idrett	170	2 721	3 066		18,5 mill	200	345	-	23,2 mill	3,6 mill	13,8 mill
Tysværås barne- og ungdomsskule	200	4 075	3 056		17,3 mill	-		-	21,6 mill	-	40,6 mill
Frakkagjerd ungdomsskule eks idrett	390	6 150	4 921	1 500	-	4 900	850	1,8 mill	-	81,3 mill	21,6 mill
Sum	1 675	28 077	22 946	1 500	82,3 mill	7 500	5 292	1,8 mill	102,9 mill	128,1 mill	34,0 mill
											444,5 mill

Strukturval 5 har eit estimert investeringsbehov på **kr. 445 mill**. Det er behov for utbyggingstiltak ved Nedstrand barne- og ungdomsskule for å ta høgde for fleire elevar og tilsette. Det er estimert eit samla tiltaksnivå på Nedstrand til om lag kr. 41 mill.

6.12.3 Bygningsmessige konsekvensar

SKULE	TILTAK
Førre skule	Skulen har stort samla bruttoareal (BTA), men mykje av arealet er gang- og trafikkareal. Skulen har trøng for fleire grupperom og læringsareal som i større grad er tilpassa storleiken på årsstega. Det er difor lagt til grunn ombygging av deler av eksisterande bygningsmasse, og i tillegg ny administrasjons- og personalfløy. Administrasjonsfløy og personalareal blir ombygd til læringsareal. Desse utbetringstiltaka vil påverke graden av vedlikehaldsetterslep og dette kostnadsnivået er justert ned.
Frakkagjerd barneskule	Paviljongane blir erstatta med tilbygg. Erfaringar som er gjort, tilseier at tilbygg krev noko endring av funksjonane i anlegget og det er lagt inn kostnader til ombygging som også skal sikre betre funksjonalitet i personal- og spesialromfunksjonar.
Grinde skule	Skuleanlegg blir vurdert til å ha svært låg pedagogisk funksjonalitet. Merk at det ikkje er byggetekniske tilstandsvurderingar som ligg til grunn for dette tiltaket, men fysisk utforming og lite heilskap i anlegget. Skulen er drifta i fem bygg på ei knapp skuletomt. Når fotavtrykka frå bygningar og infrastruktur er halden utanfor, er det små, tilgjengelege uteområde til elevane. Ein eventuell ny skule må realiserast på ny tomt i skulekrinsen. Tiltaket er eks. idrett, slik at ny skule må vidareføre bruk av idrettshallen til kroppsøving.
Førland skule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Straumen skule	Ingen behov. Kan avhendast / seljast
Nedstrand barne- og ungdomsskule	Fleire elevar frå Straumen krev utbygging / tilbygg på 345 m ² BTA og noko ombygging / tilpassing av eksisterande bygningsmasse.
Tysværåg barne- og ungdomsskule	Oppgraderingar i tråd med vedlikehaldsetterslep
Frakkagjerd ungdomsskule	Det er valt utbyggingsløysing 1A for Frakkagjerd ungdomsskule. Tilbygg og rehabilitering av eksisterande skule med eit nøktern utbyggingsnivå. Tilbygg til 90 elevar med lærararbeidsplassar. Rehabilitering og ombygging av nesten heile anlegget (6150 BTA) som sikrar tilrettelegging til U450 skule med 5 klassar pr. årssteg. Ombygginga bør sikre betre samanheng mellom dei indre funksjonane.

6.13 Driftskonsekvensar – samanlikning av strukturvala

Strukturval 0

Vidareføring av dagens
situasjon med 8 grunnskular

Lønnskostnad	Sum
Sum lønnskostnad i perioden	145,8 mill
Skysskostnad	Sum
Sum skysskostnad i perioden	3,4 mill
FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	19,4 mill
Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	27,3 mill
Sum	195,9 mill
Differanse til Konsept 0	

Strukturval 2 Frakkagjerd inkl. Førre

Lønnskostnad	Sum
Sum lønnskostnad i perioden	143,7 mill
Skysskostnad	Sum
Sum skysskostnad i perioden	4,0 mill
FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	18,5 mill
Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	29,9 mill
Sum	196,1 mill
Differanse til Konsept 0	0,2 mill

Strukturval 1

Grinde inkl. Førland på ny tomt

Lønnskostnad	Sum
Sum lønnskostnad i perioden	144,0 mill
Skysskostnad	Sum
Sum skysskostnad i perioden	3,8 mill
FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	18,9 mill
Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	30,2 mill
Sum	196,8 mill
Differanse til Konsept 0	0,9 mill

Strukturval 3 Tysværvåg BU inkl. Førland

Lønnskostnad	Sum
Sum lønnskostnad i perioden	145,1 mill
Skysskostnad	Sum
Sum skysskostnad i perioden	3,8 mill
FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	17,9 mill
Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	26,1 mill
Sum	192,9 mill
Differanse til Konsept 0	-3,0 mill

Strukturval 4
Grinde inkl. Førland og
Straumen på ny tomt

Lønnskostnad	Sum
Sum lønnskostnad i perioden	140,8 mill

Skysskostnad	Sum
Sum skysskostnad i perioden	4,2 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	18,1 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	29,8 mill

Sum	192,8 mill
Differanse til Konsept 0	-3,1 mill

Strukturval 5
Nedstrand inkl. Straumen

Lønnskostnad	Sum
Sum lønnskostnad i perioden	145,3 mill

Skysskostnad	Sum
Sum skysskostnad i perioden	3,8 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	18,2 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	27,1 mill

Sum	194,4 mill
Differanse til Konsept 0	-1,5 mill

I figurane over er dei økonomiske konsekvensane modellert inn for kvart strukturval og samanlikna med strukturval 0 – Vidareføring av dagens situasjon.

I denne modelleringa er det strukturval 3 og 4 som kjem best ut økonomisk.

I strukturval 3 – Tysværvgå barne- og ungdomsskule inkl. Førland er det minst behov for investeringar, fordi TBUs areal til elevane og tilsette frå Førland. I tillegg gir strukturvalet ei effektiv bygningsdrift. Samanlikna med å vidareføre dagens struktursituasjon er det vurdert eit årleg innsparingspotensial på om lag **kr. 3 mill**.

I strukturval 4 (Grinde skule inkl. Førland og Straumen) får kommunen størst effekt på skuledrifta fordi to skular vert lagt til Grinde skule sitt inntaksområde. I tillegg får kommunen ei effektiv bygningsdrift, sjølv om rente- og kapitalkostnaden er blant den høgste av alle dei modellerte strukturvala. Samanlikna med vidareføring av dagens situasjon har dette strukturvalet eit årleg innsparingspotensial på **kr. 3,1 mill**.

Strukturval 1 – Grinde inkl. Førland – kjem ikkje ut med noko modellert innsparingspotensial, samanlikna med strukturval 0, fordi skysskostnadane og rente- og kapitalkostnadane er større enn innsparingspotensialet på skule- og bygningsdrifta i skuleåret 2025/26.

7 Tiltråding (Norconsult)

7.1 Framlegg til rekkefølgje og prioritering av tiltak

Som grunnlag for tilrådinga er at tiltaka skal fasast inn over tidshorisont på om lag 15 år. Det inneber at tiltaka skal finansierast gjennom fleire økonomiplanperiodar. Det er vist tiltak i ein kortsiktig og ein langsiktig tidshorisont og det er valt å synleggjere dei største behova.

Det er Frakkagjerd ungdomsskule som får den største kapasitetsutfordringa i grunnskulane i Tysvær og er den skulen som blir vurdert til å ha størst behov for bygningsmessige tiltak på kort sikt. Her kan kommunen gjere fleire val, både i høve til tiltaksnivå / utbyggingsløysing og lokalisering. Kapitel 6.5 omtalar dette. Kommunen bør også tidleg ta stilling til om denne skulen skal planleggjast og / eller byggast for heile ungdomssteget i kommunen.

7.1.1 Kortsiktig tidshorisont 4-6 år

1. Frakkagjerd ungdomsskule (FUS)

I den kortsiktige perioden tilrår planen tiltak ved Frakkagjerd ungdomsskule. Tiltaksnivået er ei utbyggingsløysing som inneber noko riving og tilbygg, samt omfattande ombygging og rehabilitering av dagens bygningsmasse ved Frakkagjerd ungdomsskule (FUS).

Omfattande ombygging og rehabilitering som no ligg inne som tilråding, er kostnadskrevjande og utgjer om lag 60 prosent av eit eventuelt nybygg-tiltak ved skulen. Erfaringar som er gjort, tilseier at bygningsstrukturen i dag vil gi føringar for framtidig løysing. På bakgrunn av vurderingar om kostnad og funksjonalitet, bør det utgreiaast om heile Frakkagjerd ungdomsskule bør realiserast som nybygg. Ein moglegheitsstudie som vurderer både ei nybyggløysing på nabotomta og omfattande ombygging / tilbygg av eksisterande skuleanlegg, vil kunne gje betre vurderingsgrunnlag i høve val av tiltaksnivå for FUS.

7.1.2 Mellomlangsiktig tidshorisont – 6-10 år

2. Grinde skule inkl. Straumen og Tysværvåg inkl. Førland

I eit litt lengre perspektiv, tilrår planen at kommunen vurderer tiltak ved Grinde skule. I alle alternativ er det vurdert at Grinde skule blir etablert og bygd som ny frittståande skule på ny tomt i skuleområdet. Storleiken på utbygginga vil avhenge av val om elevane frå Førland og/eller Straumen skal overførast til nye Grinde skule.

Merk at Tysværvåg barne- og ungdomsskule har kapasitet i sitt skuleanlegg til alle elevane ved Førland skule. Ved å overføre desse elevane til Tysværvåg, vil kommunen kunne redusere omfanget av nybyggbehovet ved Grinde skule – estimert til kr. 22 mill. Å utnytte ledig og bygt kapasitet er ei sentral oppgåve for skolebruksplanen. Norconsult tilrår ei slik løysing for Tysværvåg barne- og ungdomsskule.

7.1.3 Langsiktig tidshorisont – 10-15 år

3. Førre skule og Frakkagjerd barneskule

På lang sikt (12-15 år) tilrår Norconsult at kommunen vurderer ei samanslåing av Førre og Frakkagjerd skuleområde – til ein sentrumsskule – dimensjonert for 600 elevar.

Ved Førre skule er det estimert eit tiltaksbehov på over kr. 83 mill. For å fase ut paviljongane ved Frakkagjerd barneskule er det estimert eit ombyggings- og nybyggbehov på over kr. 41 mill. Samla investeringsbehov tilseier kr. 124 mill. Norconsult tilrår Tysvær kommune å sjå desse tiltaka i heilskap og realisere eit felles skuleanlegg for desse elevane ved Frakkagjerd barneskule. Dette tiltaket vert estimert til kr. 155 mill., eller kr. 31 mill. meir enn om kommunen vel ei vidareføring med tiltak i to frittståande skular.